

Naustdal kontrollutval

SEKOM-sekretariat

www.sekom.no | post@sekom.no

Merk møtestad:
Naustdal alders- og sjukeheim

Møteinnkalling

Møtedato: 22.05.2015

Møtestad: Naustdal alders- og sjukeheim, møterom

*Møterommet ligg i andre etasje på sjukeheimen. Når ein går inn
hovedinngangen tar ein til venstre og går opp trappa eller tar heisen opp, du
vil då sjå inn i kantina og møterommet er ved siden av.*

Møtetid: Kl. 08:30

Innkalling: Faste medleamar i utvalet
Rådmannen i sak 20, 21 og 22
Revisor i sak 20 - 24

Dersom du ikkje kan møte: Meld frå på e-post:

o Arnar Helgheim: ah@sekom.no (mobil: 975 81 418)

Varamedleamar møter etter nærare innkalling.

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
018/15	Godkjenning av innkalling og sakliste
019/15	Skriv og meldingar 22.5.15
020/15	Årsrekneskap 2014 - Naustdal kommune
021/15	Prosjektrekneskap - informasjon om Gardsbøen
022/15	Tilsyn fosterheimsbarn i Naustdal kommune (utsett sak)
023/15	Tinging av overordna analyse
024/15	Tinging av eigarskapskontroll
025/15	Oppfølgingsliste 3 - 2015
026/15	Eventuelt

Med helsing

Randi Elvebakk Reiakvam
Leiar

SEKOM-sekretariat

Saksgang Naustdal kontrollutval	Møtedato 22.05.2015	Saksnr 018/15
---	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Arnar Helgheim	Arkiv: FE-	Arkivsaknr.: 15/193
---	----------------------	-------------------------------

Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedlegg:

Ingen vedlegg i saka.

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Innkalling og sakliste vert godkjent.

SEKOM-sekretariat

Saksgang Naustdal kontrollutval	Møtedato 22.05.2015	Saksnr 019/15
---	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Arnar Helgheim	Arkiv: FE-033, Komnr-1433	Arkivsaknr.: 15/195
---	-------------------------------------	-------------------------------

Skriv og meldingar 22.5.15

Vedlegg:

Nr	Dok.dato	Tittel	Dok.ID
1	27.03.2015	Reglement for kontrollutvalet med reglement for høyring	15/634
2	27.03.2015	Forvaltningsrevisjon - pleie og omsorg - vedtak Naustdal kommunestyre.	15/635
3	26.03.2015	Årsmelding 2014 - SEKOM-sekretariat	15/624
4	27.03.2015	Arbeidsplan 2015 og 2016 for SEKOM-sekretariat	15/398

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Skriv og meldingar vert tekne til orientering.



Sekom - sekreteriatet

Sakshandsamar:

Oddlaug Indrekvam

Telefon:

57 81 61 03

Vår ref.

OI/11/515-14/K1-033

Dykkar ref.

Dato:

27.03.2015

Reglement for kontrollutvalet med reglement for høyring

Vedlagt fylgjer vedtak i Naustdal kommunestyre 26.03.2015, sak 020/15.

Med helsing

Oddlaug Indrekvam
Avdelingsleiar servicekontor

Dok.dato
17.03.2015

Tittel
REGLEMENT FOR KONTROLLUTVALET MED REGLEMENT FOR
HØYRING

Dok.ID
58107

NAUSTDAL KOMMUNE

RÅDMANNEN

Postadresse:
Postboks 43
6806 Naustdal

Kontoradresse:
Kommunehuset
6817 Naustdal

Sentralbord:
57 81 61 00
E-postadr.: postmottak@naustdal.kommune.no

Telefaks:
57 81 61 01

Org. Nr. 963923899
Bank kontonr:
3841.07.10541

NAUSTDAL KOMMUNE

SAKSUTGREIING

SAKSGANG

Utval KOMMUNESTYRET	Møtedato 26.03.2015	Saksnr. 021/15	Sakshandsamar RK
-------------------------------	-------------------------------	--------------------------	----------------------------

Saksansv.: Rolf Kalland	Arkiv: K1-033 Objekt:	Arkivsaknr 11/515
	Avgjerd av:	

REGLEMENT FOR KONTROLLUTVALET MED REGLEMENT FOR HØYRING

Vedlegg:

Andre saksdokument (ikkje vedlagt):

Saksopplysningar:

Det vert synt til saksutgreiing og utskrift av sak 34/14 med vedlegg frå kontrollutvalet sitt møte 08.12.2014.

Vurdering:

Rådmannen har ikkje merknader tl framlegget.

TILRÅDING:

1. Framlegg til reglement for Naustdal kontrollutval datert 12.11.2014, vert vedteke.
2. Framlegg til reglement for høyringar i kontrollutvalet datert 12.11.2014, vert vedteke.

26.03.2015 KOMMUNESTYRET

VEDTAK:

Tilrådinga samrøystes vedteken.



Sekom-sekretariat

Sakshandsamar:
Oddlaug Indrekvam
Telefon:
57 81 61 03
Vår ref.
OI/15/138-5/K1-216
Dykkar ref.

Dato:
27.03.2015

Forvaltningsrevisjon - pleie og omsorg - vedtak Naustdal kommunestyre.

Vedlagt følger vedtak i Naustdal kommunestyre 26.03.2015, sak 026/15.

Med helsing

Oddlaug Indrekvam
Avdelingsleiar servicekontor

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
18.03.2015	Forvaltningsrevisjon - Pleie og omsorg - leiing, sjukefråvær og økonomistyring	58143

NAUSTDAL KOMMUNE

SAKSUTGREIING

SAKSGANG

Utval	Møtedato	Saksnr.	Sakshandsamar
FORMANNSKAPET	24.03.2015	043/15	RK
KOMMUNESTYRET	26.03.2015	026/15	ØBO

Saksansv.: Rolf Kalland	Arkiv: K1-216 Objekt:	Arkivsaknr 15/138
	Avgjerd av:	

Forvaltningsrevisjon - Pleie og omsorg - leing, sjukefråvær og økonomistyring

Vedlegg:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
4	I	17.03.2015	SEKOM	Forvaltningsrevisjonsrapport - vedtak i kontrollutvalet
3	I	17.03.2015	Kryss Revisjon	Forvaltningsrapport
1	I	18.03.2015	Sekom-sekretariat	Forvaltningsrevisjon - pleie og omsorg

Andre saksdokument (ikkje vedlagt):

Saksopplysningar:

Kryss Revisjon har gjennomført forvaltningrevisjonsprosjekt med gjennomgang av pleie- og omsorg med vekt på leing, styring, sjukefråvær og økonomistyring.

Oppdraget er gitt av kontrollutvalet.

Kontrollutvalet har handsama rapporten og gjort fylgjande vedtak;

NAU-015/15 Vedtak:

1. Rapport datert 5.3.15, frå forvaltningsrevisjon om Gjennomgang av pleie og omsorg med fokus på leing, sjukefråvær og økonomistyring, vert teken til orientering.

2. Rådmannen går gjennom reglement og rutinar for økonomistyring for å sikre at desse er oppdaterte og vert etterlevd.

Vurdering:

TILRÅDING:

1. Rapport datert 5.3.15, frå forvaltningsrevisjon om Gjennomgang av pleie og omsorg med fokus på leing, sjukefråvær og økonomistyring, vert teken til orientering.
2. Rådmannen går gjennom reglement og rutinar for økonomistyring for å sikre at desse er oppdaterte og vert etterlevd.

24.03.2015 FORMANNSKAPET

VEDTAK:

Tilrådinga samrøystes vedteken.

SAKSORDFØRAR: Håkon Myrvang

26.03.2015 KOMMUNESTYRET

VEDTAK:

Tilrådinga samrøystes vedteken.

SEKOM-sekretariat

Årsmelding 2014



Styret si handsaming

Dato: 25.3.2015

Saksnummer: 003/15

Referanse: 15/33

Organisering

SEKOM-sekretariat er ei interkommunal verksemd etter kommunelova § 27. Det er 15 deltakarkommunar og kvar av kommunane har ein styrerepresentant. I møte den 25.2.14, gjorde styret følgjande vedtak: «Styret slår fast at SEKOM-sekretariat i praksis er etablert som eige rettssubjekt med eigen rekneskap, som vert ført i samsvar med forskrift om årsrekneskap og årsberetning for kommunar og fylkeskommunar».

Styre og arbeidsutval

Styret pr 31.12.14

	Faste medlemar		Personlege varamedlemar
1	Reidar Fristad, Askvoll	1	Jorunn Blom Aalen, Askvoll
2	Stig Bakke, Bremanger	2	Jarle Frøyen, Bremanger
3	Siv L Rotevatn, Eid (nestleiar)	3	Torbjørn Nes Hjelle, Eid
4	Magne Norddal, Fjaler	4	Anny Mari Holm Solheim, Fjaler
5	Bjørn Hollevik, Flora	5	Siv Madsen, Flora
6	Terje Engvik, Førde (leiar)	6	Monica Alisøy Kjelsnes, Førde
7	Joar Aarnes, Gaular	7	Anita Eide, Gaular
8	Per Jarle Myklebust, Gloppen	8	Ola Tarjei Kroken, Gloppen
9	Lars Atle Larsen, Gulen	9	Laila Nyhammer, Gulen
10	Jon Åge Torheim, Hornindal	10	Elsa Eilertsen Räftevold, Hornindal
11	Morten Askvik, Hyllestad	11	Øyvind Høye, Hyllestad
12	Johannes Juklestad, Jølster	12	Arve Dvergsdal, Jølster
13	Randi Elvebakk Reiakvam, Naustdal	13	Elin Schei Stuhaug, Naustdal
14	Anne Kari Reigstad, Solund	14	Birger Hjønnvåg, Solund
15	Rune Myklebust, Stryn	15	Aud Jorunn Hool Egge, Stryn

Leiar:	Terje Engvik
Nestleiar:	Siv L Rotevatn

Arbeidsutvalet pr 31.12.14

	Faste medlemar		Personlege varamedlemar (1.vara)		Personlege varamedlemar (2.vara)
1	Terje Engvik, Førde, leiar	1	Bjørn Hollevik, Flora	1	Joar Årnes, Gaular
2	Randi Elvebakk Reiakvam, Naustdal	2	Magne Norddal, Fjaler	2	Reidar Fristad, Askvoll
3	Siv L Rotevatn, Eid, nestleiar	3	Stig Bakke, Bremanger	3	Jon Åge Torheim, Hornindal
4	Per Jarle Myklebust, Gloppen	4	Rune Myklebust, Stryn	4	Johannes Juklestad, Jølster
5	Ann Kari Reigstad, Solund	5	Lars Atle Larsen, Gulen	5	Morten Askvik, Hyllestad

Møte og saker

Styremøte	Tal saker
25. februar 2014	5
1. oktober 2014	3
Sum	8

Arbeidsutvalsmøte	Tal saker
19. juni 2014	2
(Telefonmøte)	

Stillingar og tilsette

Verksemda har 2 tilsette i 100% stilling: Dagleg leiar og rådgjevar. Det var skifte av dagleg leiar i løpet av 2014. Vidar Øvrebø slutta den 25. februar. Rådgjevar Audhild Ragni Vie Alme var konstituert som dagleg leiar i tida 26. februar – 31. mars. Arnar Helgheim tok til som dagleg leiar frå og med 1. april. Kontorstad er i 3. etasje i Førde rådhus.

Arbeidsåret 2014

Ved sidan dei løpande oppgåvene knytt til planlegging, gjennomføring og etterarbeid for dei 15 kontrollutvala, tek vi med litt informasjon om nokre tema i arbeidsåret 2014:

Oppstart og opplæring

Arbeidsåret vart naturleg nok prega av skifte i stillinga som dagleg leiar. Frå 1. april og ut første halvår, prioriterte vi oppstart og opplæring mellom anna ved at både tilsette deltok på kontrollutvalsmøta og i førebuing og etterarbeid til møta.

Sak- og arkivsystem

Arbeidsutvalet gav klarsignal til at vi kunne ta i bruk Acos WebSak som sak/arkivsystem allereie frå sommaren 2014. Dette er det same systemet som kommunane i vårt område brukar. Mesteparten av arbeidstida i den møtefrie perioden om sommaren, gjekk med til innføring og opplæring i systemet. Innføringa vart dekkja innanfor budsjettet.

Hausthalvåret var WebSak i full bruk, noko som mellom anna merkast ved at alle dokumentmalar var endra.

Informasjon

I august 2014, sende vi ut eit informasjonsbrev med informasjon om:

- Fordeling av hovudansvar for utvala mellom tilsette i sekretariatet
- Innføring av Acos WebSak som er eit fullelektronisk sak- og arkivsystem
- Nye malar for alle dokument
- Tankar om innhald i saker som gjeld alle utvala: Rekneskap, forvaltningsrevisjon og oppfølgingsliste

Overordna analyse

Siste del av hausten 2014, starta vi planlegging av arbeidet med overordna analyse for neste valperiode. I første omgang har dette vore ved drøftingar med andre sekretariat og med dei to revisjonsselskapa som vert nytta (KRYSS Revisjon og Kommunerevisjonen i Nordfjord).

Ressursbruk

Dei tilsette fører timelister fordelt på kommunane og felles/administrasjon. Reiseutgifter til og frå kontrollutvalsmøte vert ført på fellesutgifter. Sommaren 2014, arbeidde dei tilsette mest med innføring av sak/arkiv-system. Dette er døme på oppgåver som er ført under administrasjon. Fordeling dei to siste åra:

Kommune / oppgåve	2013		2014	
	Timar	Prosent	Timar	Prosent
Askvoll	102	4,6 %	130	6,6 %
Bremanger	268	12,0 %	173	8,8 %
Eid	160	7,2 %	129	6,6 %
Fjaler	142	6,3 %	130	6,6 %
Flora	417	18,6 %	213	10,9 %
Førde	166	7,4 %	179	9,1 %
Gaular	107	4,8 %	101	5,2 %
Gloppen	129	5,8 %	137	7,0 %
Gulen	78	3,5 %	65	3,3 %
Hornindal	71	3,2 %	84	4,3 %
Hyllestad	126	5,6 %	151	7,7 %
Jølster	131	5,9 %	112	5,7 %
Naustdal	175	7,8 %	120	6,1 %
Solund	66	3,0 %	105	5,4 %
Stryn	99	4,4 %	133	6,8 %
Delsum	2237	100,0 %	1963	100,0 %
Felles/adm	1158		1250	
Total sum	3395		3213	

Rekneskap

	R2013	B2014	R2014
Lønsutgifter	1 535 000	1 786 000	1 742 000
Andre utgifter	482 000	570 000	445 000
Brutto utgifter	2 017 000	2 356 000	2 187 000
Inntekter	-50 000	-31 000	-57 000
Netto (=overføring frå eigarkommunane)	1 967 000	2 325 000	2 130 000

Avslutning av rekneskapen

I samband med økonomirapport, vedtok styret den 1. oktober mellom anna: «Eit eventuelt overskot i rekneskapen for 2014 vert sett av som likviditetsfond». Selskapet sin revisor tok initiativ til ei avklaring av dei formelle tilhøva med fondsavsetjing sett i lys av regleverk og vedtekter. Styreleiar og dagleg leiar hadde avklaringsmøte med revisor Markvard Sunde (Kommunerevisjonen i Nordfjord) den 16.12.14. Konklusjonen frå møtet var at selskapet berre kan setje av til fond når det ligg føre budsjett (med beløp) på slik avsetjing.

Rekneskapsresultat

Ut frå avklaringa ovanfor, rår dagleg leiar til at rekneskapen for 2014 vert avslutta på same måte som dei føregåande åra:

- Netto forbruk er kr 198.565,81 under budsjettet. Dette vert avrekna mot tilskot frå eigarkommunane i 2015.

I den framlagde rekneskapen, er det teke omsyn til dette.

Andre tilhøve

Ytre miljø

SEKOM-sekretariat si verksemd forureinar ikkje det ytre miljø.

Likestilling

Det er ein kvinneleg og ein mannleg medarbeidar. Begge i 100% stilling. Styret er sett saman av tolv menn og tre kvinner. Blant varamedlemene er det seks menn og ni kvinner.

Skader/ulukker

Det har ikkje vore registrert fysiske skader eller ulukker i 2014.

Underskrifter

Førde, 25.3.2015

Jorunn Blom Aalen

Jorunn Blom Aalen,
Askvoll

Stig Bakke

Stig Bakke, Bremanger

Torbjørn Nes Hjelle

Torbjørn Nes Hjelle,
Eid

Magne Norddal

Magne Norddal, Fjaler

(forfall), Flora

Terje Engvik

Terje Engvik, Førde
(leiar)

Joar Aarnes

Joar Aarnes, Gaular

Per Jarle Myklebust

Per Jarle Myklebust,
Gloppen

Lars Atle Larsen

Lars Atle Larsen, Gulen

Jon Åge Torheim

Jon Åge Torheim, Hornindal

(forfall), Hyllestad

Johannes Juklestad

Johannes Juklestad,
Jølster

(forfall), Naustdal

Birger Hønnvåg

Birger Hønnvåg,
Solund

Rune Myklebust

Rune Myklebust, Stryn

SEKOM-sekretariat

Arbeidsplan 2015 og 2016



Styret si handsaming

Dato: 25.3.2015
Saksnummer: 004/15: Samrøystes vedteken.
Referanse: 15/398

Organisering

SEKOM-sekretariat er ei interkommunal verksemd etter kommunelova § 27. Det er 15 deltakarkommunar og kvar av kommunane har ein styrerepresentant. I møte den 25.2.14, gjorde styret følgjande vedtak: «*Styret slår fast at SEKOM-sekretariat i praksis er etablert som eige rettssubjekt med eigen rekneskap, som vert ført i samsvar med forskrift om årsrekneskap og årsberetning for kommunar og fylkeskommunar*».

Verksemda har 2 tilsette i heile stillingar:

- Dagleg leiar Arnar Helgheim
- Rådgjevar Audhild Ragni Vie Alme

Bakgrunnsinformasjon

Sekretariatet sitt føremål / oppgåve (vedtektene § 3):

Sekretariatsamarbeidet har som føremål/oppgåve å syte for at kontrollutvala i deltakarkommunane får naudsynt bistand til å få utført kontrollutvalsoppgåver slik det kjem til uttrykk i kommunelova kap. 12 § 77 og forskrift om kontrollutval for kommunar og fylkeskommunar av 15.06.2004.

Eigarkommunane har gjennom samarbeidsavtale, bestemt slik fordeling av driftstilskot til SEKOM-sekretariat:

- | | |
|------------------|-----|
| • Fast del | 25% |
| • Etter tidsbruk | 25% |
| • Etter folketal | 50% |

Dei tilsette fører timelister fordelt på kommunane og felles/administrasjon. Reiseutgifter til og frå kontrollutvalsmøte vert ført på fellesutgifter. Denne registreringa er utgangspunkt for etterjustering av tilskot frå kvar av eigarkommunane.

Vedtektene gir styret rett til mellom anna:

- Vedtak av budsjett
- Fastsetjing og godkjenning av årsrekneskap
- Fordeling av kostnadane på kommunane etter vedteken fordelingsnøkkel

Vedtekter og samarbeidsavtale ligg på nettsidene www.sekom.no

Styrande organ

Styret har 15 medlemar. Ein frå kvar av eigarkommunane. 5 av styremedlemene er valde til å utgjere arbeidsutval. Terje Engvik (Førde) er styreleiar og Siv L Rotevatn (Eid) er nestleiar.

Vi legg opp til to styremøte og eitt møte i arbeidsutvalet pr år:

- Styremøte i samband med rekneskap, årsmelding med meir ca mars månad
- Styremøte i samband med budsjett for neste år ca oktober månad

- Arbeidsutvalsmøte om løns- og arbeidsvilkår og evt andre tilhøve ca juni måned

Ytterlegare møte ved behov etter avtale med styreleiar.

Løpande arbeidsoppgåver

Oppsummering av løpande oppgåver som ligg til SEKOM-sekretariat:

- Førebu saker til handsaming i kontrollutvala. Utgreie relevante tilhøve slik at utvalet har eit best mogeleg grunnlag for si handsaming.
- Praktisk gjennomføring av kontrollutvalsmøta
- Post, sak og arkivfunksjon for kontrollutvala.
- Ha kontakt og samarbeid med kommunane sine revisorar.
- Drøfte og samarbeide med revisor om spesielle moment som revisor gjer merksam på ved gjennomgang av årsrekneskapen. Særleg atterhald og presiseringar i revisjonsmeldinga.
- Ha kontakt med administrasjonen i kommunane om aktuelle saker og informasjon til kontrollutvala.
- Fagleg oppdatering og utvikling. Dei tilsette deltek på aktuelle kurs og konferansar innan fagområdet. SEKOM-sekretariat er aktiv deltakar i sekretariatsforum for Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal.
- Sjå også tabellen «Kontrollutvala – aktuelle saker» som ligg til slutt i arbeidsplanen.

I utgangspunktet legg vi opp til same møtefrekvens i kontrollutvala som det har vore dei seinaste åra:

Kommunar	Møte pr år
Flora og Førde	8
Bremanger, Eid, Gloppen og Stryn	5
Askvoll, Fjaler, Gaular, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal og Solund	4

Det vert sett opp ekstra møte ved behov, etter avtale med kvart utval / utvalsleiar. Samla møteplan vert oppdatert jamleg og er publisert på SEKOM-sekretariat si nettside.

Prioriterte arbeidsoppgåver

Oppgåver som er særskilt prioriterte i 2015 og 2016.

Oppstart etter kommunevalet

Mål:

- Dei nye kontrollutvala skal vere operative raskast mogeleg.
- Kontrollutvalsmedlemene skal oppleve vervet som nyttig og interessant.

Tiltak:

- Sende ut informasjon om val av kontrollutval ved konstitueringa til alle eigarkommunane ca 1. september.

- Oppstartsmøte for alle utvala innan utgangen av 2015. Fokus på å «bli kjent». Enkel presentasjon av SEKOM-sekretariat og revisjonsselskapet i tillegg til ei første innføring i kontrollutvalet sine oppgåver.
- Alle kontrollutvala deltek på fylkesomfattande opplæring tidleg i 2016.
- Lage opplegg for vidare opplæring og utvikling av kontrollutvala til neste årsplan. Dette kan t.d. vere fellessamling for nokre eller alle kontrollutvala i vårt område.
- SEKOM-sekretariat ønskjer å få høve til å presentere selskapet og kontrollutvalsfunksjonen for kvart kommunestyre. Seinast før sommaren 2016. Vi kontaktar nyvalde ordførarar om dette etter konstitueringa hausten 2015.

Forvaltningsrevisjon og selskapskontroll

Mål:

- Forvaltningsrevisjon og selskapskontroll skal bidra til kvalitetsutvikling i kommunane.
- Plan for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll skal vere handsama av kontrollutvala sinast oktober 2016.
- Minst 1 forvaltningsrevisjon eller selskapskontroll kvart år i valperioden.

Tiltak:

- Samarbeid med dei to revisjonsselskapa allereie frå vinteren 2015 om overordna analyse og plan for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll.
- Bidra til at dei prioriterte revisjons- og kontrollprosjekta er relevante og i tråd med vurdering av risiko og vesentlegheit.
- Utnytte både sekretariatet og revisjonsselskapa sine ressursar på ein effektiv måte gjennom samarbeid på tvers av kommunane.
- Greie ut og tilrå tydelege og godt avgrensa tingingar til revisjonsselskapa. Særleg unngå for mange vide og uklare prosjekt med lang leveringstid.
- Følgje opp og drøfte framdrift, problemstillingar, ressursbruk med meir med revisjonsselskapa. Bidra til praktiske avklaringar og forventningsavklaring mellom revisjonsselskap og kontrollutval.

Informasjonsarbeid

Mål:

- Alle dokument som kan vere offentlege skal vere både offentlege og tilgjengelege.
- Kontrollutvalet sine dokument skal vere minst like lett tilgjengelege for omverda som dokument i eigarkommunane.

Tiltak:

- Vidareutvikle bruken av Acos sine løysingar: Infolink (nettsida) og WebSak (sak/arkivsystem).
- Nyheitssak på kommunane sine nettsider med innkalling og sakliste til kontrollutvalsmøta. SEKOM avklarar dette med kvar kommune.
- Kontrollutvalet som eit synleg, fast meny punkt på kommunane sine nettsider. SEKOM avklarar dette med kvar kommune.
- Søkbar postjournal på nettsida med inn- og utgåande dokument tilgjengelege for direkte nedlasting.

- Samarbeide med kommunane i Sunnfjord og Ytre Sogn om å oppgradere Infolink. Inkludert i dette er ein (for SEKOM) ny modul «Innsyn» med søke- og publiseringsfunksjon på linje med kommunane (Sjå økonomi).
- Førespurnadar om innsyn og dokumentasjon som gjeld kontrollutvalet svarast på seinast dagen etter dei er komne inn.

Økonomi

Styret vedtok budsjett den 1. oktober 2014. Rekneskap for 2014 vert lagt fram i same møte som denne årsplanen. I budsjettet er det kr 40.000 som er sett av til reserverte løyvingar i tillegg til ordinære løns- og driftspostar.

Innanfor det vedtekne budsjettet, vert tilleggsmodulen «Innsyn» for vidareutvikling av nettsida prioritert. Etter tilbod frå Acos, har denne eingongskostnad på ca kr 55.000 i 2015. Årleg lisens er på kr 8.000.

Tabell med utdrag frå rekneskap og budsjett dei seinaste åra. Både i 2013 og 2014, var det periode med vakanse i stillingane som påverkar sum lønsutgifter desse åra.

	R2013	B2014	R2014 (ca)	B2015
Lønsutgifter	1 535 000	1 786 000	1 742 000	1 839 000
Andre utgifter	482 000	570 000	445 000	587 000
Brutto utgifter	2 017 000	2 356 000	2 187 000	2 426 000
Inntekter	-50 000	-31 000	-57 000	-31 000
Netto (=overføring frå eigarkommunane)	1 967 000	2 325 000	2 130 000	2 395 000

Kontrollutvala – aktuelle saker

Sak	Heimel	Merknad	KU si rolle	Månad											
				J	F	M	A	M	J	J	A	S	O	N	D
Møteplan	Kml § 77,8 og 9, Forsk k-utval §19		Vedtak												
Revisor si uavhengigheit	Kml §79, F.skr. rev. Kap. 6.	Kopi til kommunen som informasjon	Vedtak												
Årsmelding kontrollutval	Kml § 77,6		Tilråding												
Budsjett kontroll og tilsyn	F.skr.k-utval § 18		Tilråding												

Rekneskapsaker

Årsrekneskap	Kml §77,4, F.skr. k-utval kap. 4, F.skr. rev kap. 2		Uttale												
Rekneskap KF, fond, m.m.	Kml §77,4, F.skr. k-utval kap. 4, F.skr. rev kap. 2		Uttale												
Rekneskapsrevisjon - info om revisjonsplan		Kontr.utv.handboka side 128	Info/drøfting												
Rekneskapsrevisjon - gjennomgang		Kontr.utv.handboka side 128	Info/drøfting												
Prosjektrekneskap	Kml §77,4, F.skr. k-utval kap. 4, F.skr. rev kap. 2	Sjå kvar kommune sine økonomireglar	Uttale												

Forvaltningsrevisjon og selskapskontroll

Overordnan analyse	F.skr. k-utval §10. Min. 1 gong i perioden	Grunnlag for planar: Forv.rev og selsk.kontr.													
Plan	F.skr. k-utval §10 Min. 1 gong i perioden		Tilråding												
Val av prosjekt forvaltningsrevisjon	Kml. § 77,4, F. skr. k-utval kap. 5, F.skr. rev.	Delegert i plan for forvaltningsrevisjon	Vedtak												
Rapport forvaltningsrevisjon	Kml. § 77,4, F. skr. k-utval kap. 5, F.skr. rev.		Tilråding												
Plan selskapskontroll	F.skr. k-utval §13 Min. 1 gong i perioden		Tilråding												
Val av prosjekt selskapskontroll	Kml. § 77,5 og § 80, F. skr. k-utval kap. 6	Delegert i plan for selskapskontroll	Vedtak												
Rapport selskapskontroll	Kml. § 77,5 og § 80, F. skr. k-utval kap. 6		Tilråding												
Andre revisionsrapportar			Tilråding												

Skriv og meldingssaker

Skatterekneskapen															
Årsrapport SEKOM															
Årsrapport revisionsselskap															
Oppfølgingsliste		Oppdatert for kvart møte													
Tilsynsrapportar Fylkesmannen		Til informasjon og evt. Oppfølging													

Andre saker som kan vere aktuelle

KU kan ta opp andre saker															
Generalforsaml. / repr. skapsmøte komm.	Kml. §80.														
Oppfølging revisionsmerknader	Forskr. Rev. §4, F.skr. k-utval §8														
Orienteringar frå revisor		Utvalet kan etterspørre													
Orienteringar frå rådmann eller andre i opplæring / fagleg påfyll kontrollutval		Utvalet kan etterspørre													

SEKOM-sekretariat

www.sekom.no | post@sekom.no

SEKOM-sekretariat

Saksgang Naustdal kontrollutval	Møtedato 22.05.2015	Saksnr 020/15
---	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Arnar Helgheim	Arkiv: FE-210, Komnr-1433	Arkivsaknr.: 15/59
---	-------------------------------------	------------------------------

Årsrekneskap 2014 - Naustdal kommune

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
13.05.2015	Uttale til rekneskap 2014 (framlegg)	2490
12.05.2015	Årsmeldinga Naustdal 2014	2460
12.05.2015	Rekneskap Naustdal - notar	2456
12.05.2015	Rekneskap Naustdal - balanse	2457
12.05.2015	Rekneskap Naustdal - rekneskap drift	2458
12.05.2015	Rekneskap Naustdal - rekneskap investering	2459

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Saka går vidare til kommunestyret)

Kontrollutvalet sin uttale til rekneskapen 2014 for Naustdal kommune vert vedteken.

...

Saksutgreiing:

I denne saka, skal kontrollutvalet gi uttale til kommunestyret om rekneskap 2014 for Naustdal kommune. Den formelle tilrådinga til kommunestyret kjem frå formannskapet. Formannskapet skal ha kopi av kontrollutvalet sin uttale før dei handsamar saka.

SEKOM-sekretariat har endra på malen for uttale til rekneskap, og legg m.a. ikkje opp til å velje ut og kommentere nøkkeltal frå rekneskapen, jamfør [informasjonsbrev frå SEKOM](#) datert 31.7.2014. Kontrollutvalet står likevel fritt til å forme uttale til kommunestyret. Sekretariatet viser til rekneskap og årsmelding frå Naustdal kommune, samt til revisjonsberetning frå KRYSS Revisjon.

KRYSS Revisjon har ei presisering i revisjonsberetninga til rekneskapen:

Presisering:

Lov om kommunar og fylkeskommunar §§ 46 og 47, omhandlar årsbudsjettet sitt innhald og bindande verknad. I denne samanheng viser vi til dei registrerte avvika som går fram av økonomisk oversikt drift og investering.

Vi syner til rådmannen si årsmelding der det er gjort greie for budsjettavvik.

Framlegg til uttale:

SEKOM-sekretariat rår kontrollutvalet til å tilrå at rekneskapen for Naustdal kommune vert godkjent. Vi rår i tillegg til at kontrollutvalet viser til presiseringa i si uttale til kommunestyret

Administrasjonen ved rådmannen og KRYSS Revisjon er innkalla til møtet.

Naustdal kontrollutval

Naustdal kommunestyre

Dato: 22.05.2015
Vår referanse: 15/969
Arkiv: FE-210, Komnr-1433

Uttale til rekneskapen for 2014

Årsrekneskapen 2014 for Naustdal kommune er handsama i kontrollutvalet 22.5.2015.

Grunnlaget for kontrollutvalet si handsaming har vore:

- Den avlagde årsrekneskapen
- Årsmeldinga frå rådmannen
- Revisjonsmeldinga datert 15.04.2015

Driftsrekneskapen er avslutta med rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 899.433,-.

Investeringsrekneskapen er avslutta med rekneskapsmessig meirforbruk på kr 11.372.425,-.

Kommunestyret vedtek disponering / inndekking av meir- og mindreforbruk.

Kontrollutvalet viser til presisering i revisjonsmeldinga om årsbudsjettet sitt innhald og bindande verknad. Registrerte avvik som går fram av økonomisk oversikt drift og investering. I årsmeldinga er det gjort greie for budsjettavvik.

Kontrollutvalet tilrår at rekneskapen for Naustdal kommune vert godkjent.

Naustdal kontrollutval

Randi Elvebakk Reiakvam
(leiar)

Elin Schei Stuhaug
(nestleiar)

John Bendiksen

Øystein Garfors

Inge Kalland



NAUSTDAL KOMMUNE

Årsmelding 2014

Foto: Pål Arve Myklebust, Naustdal barne og ungdomsskule

Innhald

1.	Innleiing	2
2.	Samfunnsplan og handlingsprogram – Samordning, forenkling og innbyggardialog	3
2.1	Planstrategi og samfunnsplan – overordna strategi og målsetjing	3
2.2	Innbyggardialog og integrert samfunnsutvikling	4
2.3	Folkehelse, arbeidslyst, meistring og kompetanse frå vogge til grav	4
2.3.1	Folkehelsearbeidet	4
2.3.2	Helse og omsorg	6
2.3.3	NAV	6
2.3.4	Oppvekst	7
2.4	Kulturbygda Naustdal – undring endrar	8
2.5	Lokalt utviklingsarbeid og arealbruk	9
2.5.1	Bygdeutvikling og arealbruk	9
2.6	Natur, miljø og klima	10
2.7	Næringsareal og næringsutvikling	10
2.8	Naustdal som pådrivar for samarbeid i Sunnfjord	11
2.9	Kommunen som arbeidsgjevar	11
3.	Kommuneøkonomi	13
3.1	Kommentar til rekneskapen	13
3.2	Finansforvaltning	16
4.	Sektorane – måloppnåing og kommentarar til resultat	18
4.1	Administrasjon	18
4.2	Barnehage	19
4.3	Skule	20
4.3.1	Utviklingstrekk	20
4.3.2	Mål resultat i skulane	20
4.3.3	Vevring oppvekstsenter; skule, barnehage og SFO	21
4.3.4	Dalen Skule	22
4.3.5	Naustdal barne- og ungdomsskule	22
4.4	Helse, omsorg og NAV	23
4.5	Kultur	27
4.6	Plan, næring og teknisk	29
4.6.1	Status og utviklingstrekk	29
4.6.2	Mål og resultat	30

1. Innleiing

Med vekst, fornying og folkevekst fylgjer det også eit finansielt press på skule- og barnehagetilbodet som set prioriteringar på ein stor prøve. I 2014 vart det gjennomført ei større gjennomgang av drifta på alle områder. Ei rekke tiltak vart siste halvår av 2014 vurdert. Budsjett for 2015 og økonomiplan 2015—2018 inneheld eit stramt løp. Kommunen har lagt eit godt grunnlag for drive lokalsamfunnsutvikling. I 2014 vedtok vi kommuneplanen sin samfunnsdel. Plan set saman ulike temabaserte utviklingsstrategiar og samordnar mellom dei.

I 2014 oppnådde vi positiv balanse. Samla sett eit mindreforbruk på 0,8 mill. kr (overskot). Vi tek likevel atterhald om at revisjon ikkje har gått gjennom rekneskapen enn.

Vi starte budsjetthandsaminga for 2014 med ei stort meirforbruk som akkumulerte seg gjennom 2013. Det er derfor ei god hending at vi no oppnådde balanse når 2014 vart gjort opp. Budsjetta for 2014 og 2015 var/er sett opp med store budsjetttilpassingar. Underskotet frå 2013 må dekkjast i 2015.

Rekneskapen viser at tilflytting gir oss meir inntekter. Likevel vart tilflytting større enn vi rekna med og vi måtte gje fleire barnehageplassar enn planlagt. Vekstkommunar opplever ofte at inntektene kjem for seint.

Skulane har samla sett balanse. På grunn av tilbakebetaling av tilskott for ressurskrevjande brukar og auke inntekter vi pluss på omsorgstenestene. Vi hadde andre ansvar med negative avvik

Sjølv om vi får dette pusterommet er det likevel utfordringar i 2015. Mange har bidrege på ein positive måte for å få dette til og tilsette har stått på for å komme i mål med dette.

Det er truleg at det i 2015 kjem ei avklaring på Engebø-prosjektet. Ny planlegging må då gjennomførast. Likevel må ein gjennomføre tilpassingar av budsjett, og avvik på ressursbruk for kvar brukar i høve til landsbasis må vi under alle omstende handtere. Eventuelle auka inntekter og eventuelle fleire personar som vel å busetje seg i Naustdal vil også fordre investeringar. Vekst medfører og kostnader. Det er difor ikkje tid til å vente med tilpassingar.

2. Samfunnsplan og handlingsprogram – Samordning, forenkling og innbyggjardialog

Kommunen har dei siste 6-7 åra arbeidd systematisk og breitt med å utvikle kommunen og tilpasse drifta til gjeldande rammevilkår. Styrande for arbeidet har vore handlingsplanane i 2007 og 2008, planstrategi frå 2009 og sist revidert i 2012. Nokre planar som kan nemnast er kommunedelplan sentrum, områdeplan Sæla, skule og barnehagestruktur, helse og omsorgsplan, bygedutviklingsplan mfl.

Samfunnsplanen skal legge dei overordna føringane for utviklinga i kommunen og alle andre planarbeid må ta utgangspunkt i denne.

2.1 Planstrategi og samfunnsplan – overordna strategi og målsetjing

I arbeidet med strategi og mål må ein spørje seg kva verdiar som er viktige når vi skal byggje Naustdal inn i framtida. Korleis skal vi få fleire til å velje Naustdal som ein god stad å bu og ein god stad å besøkje.


På bakgrunn av dette utfordringsbilde har kommunestyret i samfunnsdelen av kommuneplanen bestemt hovudmål for utvikling av Naustdal.

Naustdal kommune skal ha folkevekst med god kvalitet i samfunnsutviklinga

Med kvalitet i samfunnsutvikling meiner kommunestyret at veksten må vere slik at samfunnet og miljøet, både sosialt og fysisk, taklar endringane og at Naustdal er ein god plass å besøkje, bu og vekse opp.


Naustdal kommune har dei siste åra hatt ein gjennomsnittleg vekst på 1% dei siste åra.

Folketalsutvikling – 1976-2015



Naustdal kommune har underliggjande vekst gjennom stabile fødselsoverskott. Men netto innflytting svingar meir. Dette viser at vi må ha kontinuerleg fokus på planlegging, gjennomføring og attraktivitetsfremjande tiltak.

Nettoflytting og fødselsoverskott – 1976-2015



2.2 Innbyggjardialog og integrert samfunnsutvikling

Vi har kopla den langsiktige samfunnsdelen i kommuneplanen til handlingsdelen (handlingsprogram, budsjett og økonomiplan) som er 1 årig, for å få ei sterkare strategisk styring og prioritering av arbeidsoppgåvene. Samfunnsdelen skal legge premissane for økonomi og utvikling, også i kommuneorganisasjonen. Samtidig kan ein med god medverknad frå befolkninga og politisk involvering i samfunnsdelen, få ein meir tydeleg og sterk politisk påverknad på planlegging og forvaltning. Samfunnsdelen av kommuneplanen er venta vedteken i byrjinga av 2015.

I 2014 har vi gjennomført innbyggjardialog knytt til grendeutvikling i Midtredalen og på Helle. I samband med utforming av kommuneplanen sin samfunnsdel er det gjennomført opne politiske dagar, dialogmøter og høyring. Naustdal kommune har innanfor skule og barnehage arbeid mykje med dialog og struktur på samhandling gjennom skule og barnehagen sine rådsorgan. Vi treng å arbeide med tilsvarande innanfor andre deler av kommunen sine tenesteområder.

2.3 Folkehelse, arbeidslyst, meistring og kompetanse frå vogge til grav

2.3.1 Folkehelsearbeidet

Folkehelseinstituttet utarbeider årleg eit folkehelsebarometer for den einskilde kommune og fylke. Barometeret for Sogn og Fjordane syner gjennomsnittleg eller positiv score i høve til landsgjennomsnitt for dei fleste parametrane. Det same gjeld barometeret for Naustdal kommune. Størst negativt avvik syner parameter for personskade handsama i sjukehus, psykiske symptom og lidingar i primærhelsetenesten, og muskel- og skjelett sjukdom.

Naustdal har og eit negativt avvik for trivsel i skulen, målt mellom 10.klassingar. Fråfall i vidaregåande skule er og større for Naustdal enn for dei fleste kommunane i Sogn og Fjordane, sjølv om det berre så vidt er høgare enn landsgjennomsnittet. Folkehelseutfordringane skal være tema på politiske dagar våren 2015.

Folkehelseavdelinga i Florø, som Naustdal er ein del av, har i år fått prosjektmidlar til eit samarbeid for dei aktuelle kommunane med å utarbeide helseoversiktsdokument over kommunen vår. Folkehelseoversikta er eit krav i Folkehelselova. Resultatet skal bli eit årleg, og fireårig oversikt over folkehelsa i kommunen. Oversikta vil verte nytta i kommunal planlegging for å fremje folkehelsa og setje i verk førebyggjande tiltak i tråd med statistiske data. Ved gjennomgang av status for folkehelsearbeidet i Naustdal kommune vil ein finne eit rikt utval av helse-fremjande aktivitetar i alle sektorane, både dei kommunale og dei friviljuge.

2.3.1.1 Status

Frisklivssentralen er godt i gang med sit tilbod til barn og vaksne gjennom motivering, rettleiing og tett oppfølging i høve livsstil og helse. Dei tilbyr, mellom anna, kosthaldsrettleiing og trening i grupper og styrkerom til barn, vaksne og eldre.

Prosjektet «helsefremjande eldre» har gjennomført ei større kartlegging av aktiviteten hjå alle eldre over 67 år i kommunen. Etter kartlegginga er det set i verk , mellom anna, to trimgrupper og ein aktivitetskafè i samarbeid med Frivilligsentralen og Pensjonistlaget. Planen er å vidareføre prosjektet, og å utvide tilbodet.

Barn si psykisk helse er eit satsingsområde i kommunen. Det vert jobba med ein heilskapleg oppvekstplan. Vi har fått innvilga prosjektmidlar retta mot barn og unges psykiske helse. Kommunen har, mellom anna, satsa på «Psykologisk førstehjelp» opplæring til lærarar, barnehage tilsette og helsesøstrer som eit felles verktøy i utfordringar ein møter i høve barn si psykiske helse. Planlagt oppfølgingskurs til hausten 2015. Midlane vert og nytta i eit prosjektsamarbeid mellom skulen og barne- og ungdomspsykiatrien.

Til utjamning av sosiale skilnader har kommunen har fått innvilga midlar frå Helsedirektoratet til å motarbeide barnefattigdom. Midlane vert nytta til kjøp av utstyr som stimulerar til aktivitet, og til betaling av div aktivitetsutgifter. Kommunen har utstyrssentral for ungdom. Sende ut informasjon om dette som ranselpost til alle elevar i kommunen.

Kommunen har elles starta arbeidet med nytt/restaurering av skulebygg i sentrum og straks klar til innflytting i nyoppussa Lunden barnehage.

Deltaking i «Sjumilssteget» set fokus på barnekonvensjonen og oppvekstvilkår. Kartlegging og utvikling av gode oppvekstvilkår der barn og unge sjølv medverkar er sentralt. Det vert viktig å forankre denne satsinga meir direkte i dei ulike sektorane, slik at barn og unge kan få eit endå større engasjement og eigarforhold til samfunnsutviklinga.

Folkehelsearbeidet er etter kvart blitt godt forankra i den kommunale fagstaben. Folkehelsa har ein naturleg plass i kommunale planar, folkehelsekoordinator sit i rådmann sin stab.

2.3.1.2 Planar i 2014

Kommuneplan for Naustdal- samfunnsdelen 2014-2025

Kommuneplanen har vore eit tverrfagleg samarbeid i 2014. Planen viser vegen som Naustdal ynskjer å gå framover mot 2025. Planen samla dei ulike fagområda sine målsetningar framover, den gir innblikk i arbeidet i kommunen, og skal halde seg til dei sentrale føringane.

2.3.2 Helse og omsorg

I samsvar med vedteken utviklingsplan for helse og omsorgssektoren har helse og omsorgssektoren i 2014 vore organisert i 4 seksjonar – Helse (legeteneste, helsestasjonsteneste, fysioterapiteneste og psykisk helse teneste), Naustdal sjukeheim (institusjonsteneste) Open Omsorg (heimesjukepleie og heimhjelpstenester) og Heimetenester for Funksjonshemma (Omsorgstenester til heimebuande funksjonshemma). Koordinerande eining er etablert og har hatt overordna ansvar for sakshandsaming av søknader om omsorgstenester, og for koordinering av tenester gjennom individuelle planar og individuelle koordinatarar.

Gjennom året er det gjort framsteg i arbeidet med utvikling av rutinar og samhandling mellom seksjonane. System og rutinar for elektronisk melding mellom journalsystema for Pleie og omsorg, legetenesta og spesialisthelsetenesta har i hovudsak fungert godt og gitt positivt bidrag til fagleg samhandling og kvalitetssikring. Naustdal samarbeider med kommunane Førde og Høyanger i utvikling og bruk av det elektroniske journalsystem, Gerica.

Kommunen deltek i Telemedisin-prosjektet saman med Helse Førde og kommunar i fylket, og utstyr for videokonferanse og konsultasjon over video er på plass på Naustdal sjukeheim. Prosjektet held fram i 2015, mellom anna med oppknytting av fastlegane og andre sentrale aktørar i pleie og omsorgstenesta.

Ved sidan av koordinering er meistring eit sentralt stikkord for utviklingsplanen for helse og omsorgssektoren. Ei tverrfagleg prosjektgruppe har utarbeidd rutinar for tilbod om «kvardagsrehabilitering», og har oppnådd positive erfaringar frå utprøving av tilbodet til ei avgrensa gruppe av tenestemottakarar. Prosjektet held fram i 2015, med forventning om at erfaringane etter kvart vil få «smitteeffekt» for alle tenestene i pleie og omsorgssektoren.

Gjennom tilskotsmidlar frå statleg hald har det og vore mogleg å arbeide særskilt med utvikling av samfunnsnyttige aktivitetar for funksjonshemma, aktivitetstilbod for eldre og andre grupper, og oppfylging av personar med rusproblem.

Avvik etter tilsyn med rehabiliteringstilbodet ved Naustdal sjukeheim er fylgt opp med ROS-analyse og rutineutvikling, og Fylkesmannen har lukka avviket.

2.3.3 NAV

Kommunen har som utgangspunkt i overordna samfunnsplan at deltaking i arbeidsliv og aktivitet er viktige faktorar når det gjeld helse, livskvalitet og livsmestring for innbyggjarane i Naustdal.

Målsettingar og arbeidsoppgåver hos NAV Naustdal er tufta på Naustdal kommune sin samfunnsplan, mål- og disponeringsbrev frå Arbeids- og velferdsetaten, lov om sosiale tenester i NAV, helse- og omsorgstenestelova m.m. NAV Naustdal har i 2014, arbeidd for å betre levekåra for vanskelegstilte, bidra til sosial og økonomisk tryggleik, herunder at den

einskilde får høve til å leve og bu sjølvstendig, fremje overgang til arbeid, sosial inkludering og aktiv deltaking i samfunnet. Vidare bidra til at utsatte born og unge og deira familiar får eit heilskapleg og samordna tenestetilbod.

NAV Naustdal har i 2014, ein liten nedgang i tal brukarar som får bistand gjennom NAV, men erfarer at fleire brukarar har trong for meir omfattande oppfølging og bistand. Færre brukarar enn tidlegare nyttar våre tenester i opningstida. Vesentleg årsak til dette er at stadig fleire nyttar våre elektroniske tenester på nav.no eller får naudsynt bistand gjennom NAV kontaktsenter. Dette er ein trend NAV Naustdal forventar vil halde fram som konsekvens av at våre digitale sjølvhjelpsløysingar vert fleire og betre.

NAV Naustdal har i 2014 etablert samarbeid med fleire NAV-kontor i Sunnfjord regionen. Mellom anna samarbeider NAV kontora i Naustdal, Førde, Jølster og Gaular om gje tilbod om oppfølging til sjukmeldte arbeidstakarar og deira arbeidsgjevarar. Gode erfaringar frå dette arbeidet har resultert i at det vert etablert samarbeid på nye oppgåvefelt som m.a. marknads- og rekrutteringsarbeid.

NAV Naustdal har i 2014, handsama fordeling av midlar kommunen, etter søknad har fått tildelt frå Helsedirektoratet, til utjamning av sosiale skilnader. Midlar har vert nytta til kjøp av utstyr som fremjar aktivitet hos barn og unge eller dekking av kostnader knytt til deltaking på aktivitetstiltak.

2.3.4 Oppvekst

Det vart oppretta stilling og tilsett oppvekstutviklar i august 2014. Dermed er heilskapleg fokus i høve barn, unge og oppvekstvilkår forankra i rådmannen sin fagstab. Det vart gjort politisk vedtak i oktober i komité for oppvekst og kultur og komite for helse-og omsorg om å utarbeide plan for **heilskaplege tenester til barn og unge**. Som ledd i dette planarbeidet er det oppretta eit gjensidig forpliktande samhandlingsprosjekt mellom Naustdal kommune og Bup, Helse Førde. Prosjektet starta i 2014 og har fått kr. 620 000 i tilskot frå Helsedirektoratet. Målet er å betre tenestene til utsette barn og unge gjennom godt tverrfagleg samarbeid og kompetanseheving i 1.linja.

Det er aukande fokus på **utvikling av kvalitet og barnehagen** si rolle i oppveksten. Rådmannen har svara på dokumenttilsyn frå fylkesmannen i november 2014. Det vart manglande dokumentert system for styring og kontroll av barnehagane si drift i høve rammeplanen og barnehagelova.

«**Barn som trivst, lærer**», dette vart politisk vedteke i 2014 som hovudmålet for arbeidet i grunnskulen i Naustdal kommune. Målet vart utvikla gjennom prosess på politisk dag med brei deltaking frå politisk hald, Fau, tilsette og administrasjon. Møtet tok utgangspunkt i tilstandsrapportane frå skulane med prosessdrøfting av kva mål vi i fellesskap ville setje for Naustdalsskulen.

Skulane i Naustdal har positiv utvikling i heim-skule samarbeidet og opplever gode effektar av dette i skulekvardagen. Det tverrfaglege samarbeidet mellom kommunen sine tenester i oppfølging av enkeltelevar og elevmiljø, har funne ei fast etablert form og fører til betre og målretta tiltak frå dei ulike tenestekområda.

Målet om tidleg innsats er vanskeleg å nå grunna stramme økonomiske rammer.

Skulestruktur

Hausten 2014 vart alle sektorane pålagt innsparing. Det vart oppretta kommunal arbeidsgruppe til å samarbeide med Agenda Kaupang for å finne tiltak for å spare 5 mill. innan skule og barnehage. Skulane var aktivt med i dette arbeidet. Ulike skulestrukturar vart utgreia som måtar for å redusere driftsutgiftene i neste års budsjett.

Omdøme

Dei mange gode utviklingstrekk har også i 2014 konkurrert med negative mediaoppslag i høve skule. Det vart oppretta hendelsebasert tilsyn ved Fylkesmannen på grunna av klagesaker i høve retten til godt psykososialt miljø og spesialpedagogiske tilbod. Tilsynet er fylgt opp med tiltak for å sikre god kvalitetskontroll ved å utvikle system for intern kontroll.

Skulane har hatt godt utbytte av rettleiing frå PPT, organisert som kontordagar.

Barnevernstenesta i Naustdal som oppgåve å bidra til at barn og unge i kommunen har trygge oppvekstvilkår. Vidare arbeide for at born og unge som lever under tilhøve som kan skade helse og utvikling skal få naudsynt hjelp og omsorg i rett tid.

Barneverntenesta har i 2014, vore engasjert i 65 barn i tiltak, noko som er ein auke i høve til tidlegare år. Talet på otte-meldingar (uromeldingar) aukar. Dette syner at fleire enn tidlegare i kommunen tek initiativ og melder frå om tilhøve som gjev grunn til uro omkring born og unge i kommunen har trygge nok omsorgs- og oppvekstvilkår.

Barneverntenesta har i 2014, på grunnlag av tilsyn frå Fylkesmann etter klager, hatt gjennomgang av rutinar for å kvalitetssikre at grunnlag og vurderingar som vert lagt til grunn for vedtak i barnevernssaker. Fylkesmann i 2014, gjeve uttrykk for at dei er uroa for stoda i barneverntenesta i kommunen. Auka saksomfang, få tilsette og nedbygging av regionale barnevernstiltak i BUFEetat, medfører auka arbeidsmengde for lokalt barnevern. Det er teke initiativ til å styrke barneverntenesta i kommunen. Auka bemanning og interkommunalt samarbeid med barneverntenesta i Førde og Gaular er aktuelle tiltak.

2.4 Kulturbygda Naustdal – undring endrar

I Naustdal kommune er det planfesta at kultur skal vere ein viktig endringsfaktor i samfunnsutviklinga, ikkje eit overflatefenomen. Kultursatsinga skal stimulere til å tenkje nytt og annleis, fremje evna til kritisk tenking og utvikle både dømmekrafta i samfunnet. Vidare er det politisk vedteke, gjennom Kommunedelplan for kultur 2012-2015 at «Alle i Naustdal skal ha tilgang til sosiale aktivitetar og kultur og fritidstilbod».

Både politisk og administrativt nivå i kommunen arbeider målretta med fysisk og kulturell planlegging og andre utviklingsgrep. Dei frivillige har energi for aktivitetar og det lokale næringslivet for sine produkt og tenester. Vi trur effekten av innsatsen som vert lagt ned kan bli større om vi kan fokusere på heilskapen.

Prosjektet *Naustdal fortel* er formulert, tufta på tilbod og aktivitetar som finns eller er initiert i Naustdal kommune. Det er søkt om ressursar for å kunne samordne utviklingsprosjekta meir enn i dag og auke grad av gjennomføring av tiltak, slik at vi kan støtte og styrke frivillige organisasjonar og næringsaktørar.

Vi har ikkje mottatt tilskot til arbeidet, men prosjektet oppsummerer i stor grad det som skal til etter fleire år med planarbeid og utvikling og vil vere ein del av utviklingsarbeidet i kommunen framover. Naustdal fortel er samfunnsutvikling gjennom koordinering og gjennomføring av tiltak.

Naustdal kommune har fått tilskot til og deltek i prosjektet «Lokale kulturminneplanar», ei satsing frå Sogn og Fjordane fylkeskommune på registrering og utvikling av lokale kulturminneverdiar. I tillegg har Riksantikvaren gitt tilskot til registreringsarbeid, som er ein sentral del av planarbeidet.

Ambassade for Kjørtanistan er eit viktig utviklingsprosjekt i kommunen vår. I 2014 har Norsk kulturråd gitt totalt 1,5 mill. i tilskot, for utvikling av kvardagsarenaene Lunden barnehage og Naustdal barne- og ungdomsskule til kunstarenaer. Uteområda har eitt særskilt fokus, men forankring i organisasjon og kompetanse til oppfølging er avgjerande faktorar.

Prosjektet *Helsefremjande eldre* realiserer mål og tiltak i Kommunedelplan for kultur 2012-2015, og er eit godt døme på samarbeid på tvers av sektorar. Særleg mål om å «Styrke arbeidet med inkludering, kultur og helse: kultur til alle i heile livsløpet; og å prøve ut nye tilbod for utvalde målgrupper.

2.5 Lokalt utviklingsarbeid og arealbruk

2.5.1 Bygdeutvikling og arealbruk

Kommunen har gjennomført omfattande strategiske planarbeid dei siste 6-7 åra, med brei medverknad, fokus på demokratiske og opne prosessar og har relativt oppdaterte arealplanar/kommunedelplanar for store delar av kommunen. Med folketalsvekst og kvalitet i samfunnsutviklinga som hovudmål, må vi spørje oss korleis samfunnet kan setjast i stand til å takle store endringar, samstundes som at Naustdal er ein god plass å besøkje, bu og vekse opp. Det omfattar å vekse med kvalitet både i sentrumsområde og i grendene. Vi må vise korleis kan kommunen sine planar rydde vegen for innbyggjarar og organisasjonar som vil utvikle sine lokalmiljø.

I arealplanarbeid skal kommune nytte verktøya i plan- og bygningslova til beste for utvikling, vern og bruk og viktigast av alt: med mobilisering, engasjement og lokale drivkrefter i planarbeidet. Planarbeidet har basis i eit velfungerande demokrati, medverknad og føreseielege prosessar til beste for bygdene i heile kommunen. Ved rullering av planstrategien bør ein ha eit eige kapittel om klima og miljø.

Kommunedelplan Vevring og Grend+ prosjekt er viktige stikkord. Nedanfor følgjer ei samla oversikt over utviklingsarbeidet i grendene i 2013:

2.5.1.1 Stikkord for 2014:

- Øvre Naustdal Utmarkslag har gjennom året lagt ned arbeid i tilrettelegging av ferdsel m.m. til Landskapsvernområdet.
- BU prosjekt Instedalen har fullført arbeidet med trimrom, stimerking og gardsnamnmerking.
- Naustedalen reiselivsnettverk og Dalen Næringscenter er over i driftsfase.
- Grend+ Helle og i Midtredalen vart arbeidd med

- Naustaprojektet er inne i hovudprosjekt med fokus på utvikling av forvaltning, næringsutvikling og organisasjonsarbeid. Det har vore gjort konkrete tiltak i laksetrappa i Hovefossen og utgreiing av bygging av trapp i Kallandsfossen.
- Det er gjennomført ei analyse av innspela til arealbruk i Vevring, der vi har alternativ både med og utan gruvedrift.
- Stimerkingsprosjektet «Over stakk og stein» vart lansert i marka og på nettet.

2.6 Natur, miljø og klima

I samfunnsplanen vert det drøfta korleis vi i framtida skal styrke lokalt utviklingsarbeid og sikre ein berekraftig arealbruk. I alle saker om bruk eller vern av areal, der kommunen er forvaltningsmynde, vert forhold knytt til natur og miljø vektlagt. Kommunen har også eit ansvar som organisasjon og som tenesteytar i høve klimatiltak. Det er ei aukane bevisheit og mange tiltak som rettar seg mot å styrke dette arbeidet. Ein del av dette er kommunen si eiga drift av bygningar og anlegg, med ansvar og moglegheiter for å ta ansvar for natur, klima og miljø. Også i 2014 kunne ein registrere tendens til meir ekstremt vær. Det kommunale veg- og avløpsnettet fekk utfordringar episodar med ekstrem nedbør. Teknisk drift jobbar kontinuerleg for å handtere og førebyggje hendingar.

2.6.1.1 Stikkord for 2014:

- Vassområde Sunnfjord – Naustdal deltek i dette prosjektet for å sikre felles forvaltning av vassressursane.
- Naustdal Gjengedal landskapsvernområde – Naustdal deltek i styret for området og fondet.
- Hovudplan for kommunal veg – registrering og analysearbeid gjennomført.
- Oppfølging av ENØK plan – ulike mindre enøk-tiltak gjennomført ved byggvedlikehald
- I alle kommunen sine byggjeplanarbeid i 2014 er det sett fokus på å byggje energisparande.

2.7 Næringsareal og næringsutvikling

Kommunedelplanen for landbruk og bygdeutvikling skisserer nokre satsingsområde innan matproduksjon, skogbruk og andre utmarksnæringar, reiseliv og produksjon av oppleving, samt «Inn på tunet». Fleire av desse satsingane vert det arbeidd aktivt med gjennom partnerskap med nettverk og aktørar som ynskjer å satse. Mellom anna har kommunen ein eigen prosjektleiar for «Inn på tunet» og kommunen er aktivt med i prosjektet «Naustaprojektet». Som eit partnerskapsprosjekt mellom faglaga innan jord, skog og husdyrhald og kommunen vart det i 2014 danna «Grønt forum» som planlegg bl.a. eit seminar om «Naustdalslandbruket mot 2015 i byrjinga av 2015. Dette ber von om at vi kan styrke rekrutteringa i næringane og næringsarbeidet generelt.

Naustdal kommune har sett seg som mål å leggje til rette for 100 arbeidsplassar innan 5 år. Naustdal kommune vil arbeide for å opprette eit nærings- og tomteselskap som skal arbeide opp næringsareal. Kommuneplanen og reguleringsplanlegging er rette grep for å utvikle meir næringsareal. Utvikling av næringsareal handlar også om marknadsarbeid og kva kommunen kan tilby overfor små- og mellomstore bedrifter i Sunnfjord.

Kommunen har engasjert seg i det nye Sunnfjord Næringsutvikling, og aukar engasjementet i selskapet saman med næringslivet og dei andre kommunane i Sunnfjord og har vedteke strategisk Næringsplan for SIS i 2014.

Naustdal kommune har følgd opp ulike spørsmål og prosessane knytt til departementa handsaming av reguleringsplan for rutilutvinning i Engebøfjellet og utsleppsløyvet som er søkt om. SNU har arbeidd med realisering av næringspotensiale ved eit eventuelt positivt vedtak til Engebø-prosjekt.

2.8 Naustdal som pådrivar for samarbeid i Sunnfjord

Sunnfjord har ein felles bu- og arbeidsmarknad, med høg intern arbeidsmarknadsintegrasjon. Naustdal kommune nyt godt av samarbeid innanfor regionen og kommunen bør være tilretteleggjar for bustader og næringsvekst slik at veksten i regionen også skaper meirverdi i Naustdalsamfunnet. Arbeidsmarknads-integrasjon er eit mål på pendlarmuligheitene og seier noko om forholdet mellom innpendling og utpendling mellom kommunane i regionen. Det betyr at arbeidsmarknaden i Sunnfjord er godt integrert, arbeidstakarane har valfridom med omsyn til arbeidsstad og gjev verksemdar eit breiare rekrutteringsgrunnlag.

Gode bustadtilhøve og ein mangfaldig arbeidsmarknad er avgjerande for å skape attraktivitet. Sunnfjordregionen må legge til rette for eit felles bu- og arbeidsområde. Det er avgjerande at kommunane har god kapasitet til å planlegge og utvikle bustadfelt og næringsareal. Kommunane i fellesskap spelar også eit viktig rolle gjennom å kunne etablering ei brei kontaktflate mot næringsliv og ha utstrakt myndigheitskontakt på sentralt nivå for å kunne hevde regionen sine interesser.

I 2014 vedtok SiS kommunane felles interkommunal næringsstrategi. Regional strategisk næringsplan for Sunnfjord skal fokusere på å utvikle tydelege strategiske mål og ha særleg merksemd på dei lokale fortinna våre. Sunnfjord har vekt i både folketal, etableringar og arbeidsplassar, men kan likevel utvikle regionen til å verte meir attraktiv og synleg. Planen styrker ikkje berre regionen, men supplerer og utviklar kvar einskild kommune sine utviklingsstrategiar for eit meir attraktivt næringsliv med ei særleg merksemd på lokale fortrinn. Naustdal kommune deltok i rekkjer samarbeid innanfor regionen.

2.9 Kommunen som arbeidsgjevar

Kommunen er ein stor arbeidsgjevar med ein kompleks organisasjon som produserer eit stort spekter av ulike tenesteytingar. Samla personalkostnader for omlag 200 årsverk og 300 tilsette utgjer nesten 75 % av kommunen sitt driftsbudsjett. Det er såleis særdeles viktig å ha ein effektiv og rasjonell organisasjon med naudsynt kompetanse innan dei ulike fag og tenestekområder.

Vi har i stor grad klart å rekruttere ny kompetanse innan dei fleste fagområder. Behovet for å utvikle og fornye kompetansen er stort, men etter som dei økonomiske rammene i økonomiplanperioden ikkje gjev særleg rom for å opprette nye stillingar, må vi i stor grad basere oss på å utvikle den organisasjonen vi har. Ved skulane har vi gjennomført ei kompetansekartlegging som skal gje grunnlag for å vidare satsing på kompetanseutvikling. Slik kartlegging skal også gjennomførast i andre deler av organisasjonen.

Nye verneombod og leiarar har gjennomført lovpålagt opplæring innan helse, miljø og tryggleik. Personalet i skular og barnehagar har delteke på førstehjelpskurs. Fleire tilsette innan helse og omsorg tek vidareutdanning innan psykisk helse, lindrande pleie m.v.

På personalsida er det også teke i bruk eit nytt ressursstyringssystem – RS. HFF har vore pilot og systemet vil gradvis bli innført i heile organisasjonen med unntak av skulesektoren som har eigne system.

Rådmannen registrerer at det er stor interesse mellom dei tilsette for å tileigne seg ny kompetanse. Det er då viktig at vi kan legge til rette for ei planretta satsing på kompetansehelevande tiltak. Vi har også lagt opp til å bruke dei utvida leiarsamlingane til å setje fokus på aktuelle tema som gjeld heile organisasjonen.

For å behalde eksisterande arbeidskraft og møte rekrutteringsbehovet har kommunen innført økonomiske stimulerings tiltak for aldersgruppa 62-65 år. Kommunen har også teke inn lærlingar i helsefag.

Kommunen har over tid arbeidd med å redusere uønskt deltid. Vi har også i 2014 auka opp fleire stillingar når ledige ressursar har gjort dette mogleg.

Kommunen har også i 2014 hatt ein del større utfordringar i administrasjonen med vakante leiarstillingar og der av omfordeling av arbeidsoppgåver. Dei tilsette har synt stor fleksibilitet og vilje til å løyse utfordringane.

Kommunen har dei siste åra hatt ein reduksjon i sjukefråværet. Tala for 2014 syner eit fråvær på 7,8 % mot 8,5 i 2013. Denne nedgangen er sjølvsagt positiv, men rådmannen ser at vi framleis har store utfordringar med høgt sjukefråvær på enkelte områder. Vi held difor fram samarbeidet med Bedriftshelsetenesta og NAV Arbeidslivssenter der vi prøver å finne gode løysingar som kan føre til ytterlegare reduksjon i fråværet.

Kommunen har elles gode rutinar for oppfølging av sjukmelde og vil jamleg ha dette temaet på dagsorden i forhold til leiarar, tillitsvalde og tilsette.

SJUKEFRÅVÆR 2014:

Sentraladministrasjonen	4
NAV - kommunal del	0,7
Teknisk drift	5,3
Vevring barnehage	4,1
Naustdal sjukeheim	11,7
Heimesjukepleie/heimhjelp	13,8
Naustdal barne- og ungd.skule	5,6
Vevring skule	3
Dalen skule	1,7
Fysikalsk avdeling	11,1
Lunden barnehage	10,0
Legetenesta	12,4
HFF – Gardsbøen	13,6
Plan og næring	1,3
Helsestasjon	4,6
SFO - Naustdal barne-ungd.skule	4,4
Psykiatrisk dagsenter	0,2

Vaktmeistartenesta	1
Samla	7,8 (8,5 i 2013)

Ordninga med frikjøp av hovudtillitsvalde er eit viktig element i samarbeidet mellom arbeidstakarorganisasjonane og arbeidsgjevar. Pr. i dag har Utdanningsforbundet, Fagforbundet, og Norsk Sykepleierforbund delvis frikjøp av sine hovudtillitsvalde.

Kommunen vil framleis ha ulike utfordringar med rekruttering av ein del fagkompetanse. Det vert også viktig å legge til rette for utvikling av eigen kompetanse utifrå dei nye krav som vert stilt til tenestoområda.

3. Kommuneøkonomi

3.1 *Kommentar til rekneskapen*

Resultat og inntekt.

Driftsrekneskapen for 2014 er avslutta med eit mindreforbruk på kr 899.433,-. Investeringsrekneskapen er gjort opp med eit meirforbruk på 11,1 mill kr.

Drifta i einingane:

Drifta i einingane kjem fram med eit mindreforbruk på 0,5 mill. kr. Nokre einingar har betydeleg meirforbruk, medan dei resterande har balanse eller innsparing i høve budsjettet. Viser til eigen tabell.

Lønsutgifter:

Lønsutgifter og sosiale kostnader syner eit meirforbruk på 5,2 mill. kr. Det er i hovudsak vikarutgifter og overtidsløn som fører til auka lønskostnad. Samla refusjon sjukepengar og fødselspengar syner ei meirinntekt på 3,2 mill. kr. Det er viktig å sjå meirforbruket på løn i samanheng med meirinntekt på sjukepengerefusjon og fødselspengar.

Pensjonskostnad og premieavvik:

Utgiftsført pensjonskostnad utgjer 30,3 mill. i 2014. Dette er ei auke på 4,8% frå 2013, og 1,0 mill. høgare enn budsjettet i 2014. Inkludert i pensjonskostnaden er eit inntektsført samla premieavvik på 2,7 mill. Til samanlikning var det i 2013 eit inntektsført samla premieavvik på 1,8 mill.

Skatt og rammer:

Skatt på inntekt og formue er inntektsført med kr. -55.832.242,- (budsjettet kr. -55.480.000 revidert) Rammetilskotet er inntektsført med kr. 102.041.850,- (budsjettet kr. 103.000.000 revidert).

Momskompensasjon:

Frå og med rekneskapsåret 2014 vert momskompensasjonen som vedkjem investeringar, ført direkte i investerings-rekneskapen med 100% verknad. I 2013 vart 80% av momskompensasjonen som vedkjem investeringar overført til investeringsrekneskapen. Dette utgjorde i 2013 2,3 mill.

Renter:

Det er utgiftsført renteutgifter på lån med kr 5.082.356.- Dette er 445.356.- høgare enn budsjettet.

Forventa renteinntekter er 0,5 mill. lågare enn budsjettert.

Avdragsutgifter:

I driftsrekneskapen er det utgiftsført avdrag i samsvar med berekna minsteavdrag med kr 6.526.038,- Dette er kr. 579.162,- mindre enn budsjettert. Då kommunen har nytta 12,5 mill. i unytta lånemidlar til å innbetale ekstraordinært avdrag på lån, må ein oppfinnsiere pågåande prosjekt med tilsvarande beløp. Vedteken finansiering til prosjekta har gått med til å dekke det ekstra ordinære avdraget i 2013.

Investeringar med finansiering:

Investeringsrekneskapen for Naustdal kommune er gjort opp med eit meirforbruk på 11,1 mill. kr i 2014. Tabellen viser prosjekta som bidreg med underskot (budsjettert låneopptak ikkje gjennomført)

Prosj	Prosj (T)	Beløp
1001	KLP	-1 675 846
1002	Formidlings- /startlån	-540 713
1022	Arbeidstids registreringsystem (Tieto)	-196 281
1531	Rehabilitering Lunden barnehage	-6 346 408
1532	Nybygg NBU	-700 426
3002	Områdeplan Sæla	-46 322
3005	Områdeplan (utvikle næringsareal)	-105 213
3011	Hovudplan veg	-277 356
3016	Rassikring Ospeteigen	-454 712
3501	Geovekst Nauatdal (prod kartdata)	-13 028
3503	Mallasvik - Sæla - VA (ditribusjon)	-110 680
3504	Opprusting bruer	-15 675
3546	Vagar	-656 828
	Totalt meirforbruk investeringar 2014	-11 139 488

Vesentlige investeringar i nybygg og nyanlegg

Prosj	Prosj (T)	Utgifter 2014
2010	Utstyr PLO/helse	413 211
3005	Områdeplan (utvikle næringsareal)	500 000
3547	VAR	694 429
3016	Rassikring Ospeteigen	1 176 069
1024	IKT felles	1 390 227
3546	Vegar	2 694 965
1001	KLP	3 575 846
1002	Formidlings- /startlån	8 755 553
1532	Nybygg NBU	12 891 962
1531	Rehabilitering Lunden barnehage	24 415 963
	Vesentlege investeringar 2014	56 508 225

Tabellen over viser påløpte kostnader på dei mest vesentlige prosjekta. Fleire av prosjekta går over fleire år, men tabellen viser investeringsutgiftene for 2014.

Garantiar gitt av kommunen pr. 31.12

Kommunen kan gi garantiar med heimel i KL § 51 og forskrift om kommunale og fylkeskommunale garantiar KRD 2. februar 2001. Kommunen gir garantiar som simpel kausjon.

NOTE Garantiar gitt av kommunen - nedkvittert per 31.12			
Garanti gitt til	2013	2014	Låneinstitusjon
Naustdal kyrkjelydshus	1 500 000	1 500 000	Sparebanken S og Fj.
Sum garantiar	1 500 000	1 500 000	

Årsmelding 2014 – Naustdal kommune

Lånegjeldsutviklinga:

	Lån 1/1	Nye lån	Avdrag	Lån 31/12
2006	102 714	2 674	-3 898	101 490
2007	101 490	26 560	-3 993	124 057
2008	124 057	11 662	-3 972	131 747
2009	131 747	20 049	-6 268	145 528
2010	145 528	13 915	-7 436	152 007
2011	152 007	20 949	-7 682	165 274
2012	165 274	16 276	-7 986	173 564
2013	173 564	33 937	-18 872 *	188 629
2014	188 629	35 557	-6 526	217 660

* Ekstraordinært avdrag på 12,5 mill. i 2013

Lånegjeld pr. innbyggjar:

2010	2011	2012	2013	2014
56.719	61.122	63.623	68.793	77.958

Langsiktig gjeld – type gjeld og fordeling mellom långivarar

Tekst	Rekneskap 2013	Rekneskap 2014
Kommunens samla lånegjeld	-188 629 532	-217 659 870
Fordelt på følgjande kreditorar:		
Husbanken	-21 792 035	-24 877 883
Kommunekreditt	-57 545 427	-84 895 427
Kommunalbanken	-109 292 070	-107 885 870

Økonomisk oversikt drift 2013:

Kosthd	Kosthd(T)	Revidert budsjett 2014	Rekneskap 2014
LN12	B. SUM DRIFTSINNTEKTER	-209 292 100	-227 163 015
LN21	C. SUM DRIFTSUTGIFTER	207 774 474	221 874 507
LN23	D. BRUTTO DRIFTSRESULTAT (B-C)	-1 517 626	-5 288 508
LN27	E. SUM EKSTERNE FINANSINNTEKTER	-1 955 000	-1 463 765
LN32	F. SUM EKSTERNE FINANSUTGIFTER	11 777 700	11 670 263
LN34	G. RESULTAT EKST. FINANS.TRANS. (E-F)	9 822 700	10 206 498
LN36	I. NETTO DRIFTSRESULTAT	-319 800	-3 706 884
LN42	J. SUM BRUK AV AVSETNINGAR	-1 300 000	-2 247 571
LN49	K. SUM AVSETNINGAR	1 619 800	5 055 021
LN51	L. REKN.MESS. MEIR-/MINDREFORBR. (I+J-K)	-0	-899 433

Drifts rekneskap pr. ansvar:

Ansvar	Ansvar (T)	Beløp	Revidert budsjett	Avvik i kr
100	Rådmannen	953 532	590 800	362 732
110	Rådgevar personal og økonomi	16 778 927	15 892 900	886 027
200	Rådgevar oppvekst og kultur	21 536 902	19 414 900	2 122 002
210	Seksjonsleiar Naustdal barne- og ungdomsskule	26 723 391	27 342 000	-618 609
214	Seksjonsleiar Vevring skule og barnehage	4 103 373	4 043 900	59 473
216	Seksjonsleiar Dalen skule	4 992 964	5 153 100	-160 136
270	Seksjonsleiar Lunden barnehage	6 415 246	6 511 900	-96 654
300	Rådgevar helse, sosial og omsorg	203 429	-	203 429
320	Seksjonsleiar helse	13 398 456	13 090 400	308 056
350	Seksjonsleiar sosial	10 274 639	10 180 900	93 739
370	Seksjonsleiar pleie og omsorg	18 182 831	18 567 200	-384 369
371	Open omsorg	13 831 305	14 664 200	-832 895
372	Heimetenester/funksjonshemma	8 164 729	11 027 300	-2 862 571
600	Rådgevar landbruk/teknikk	633 747	452 900	180 847
610	Teknisk drift og forvaltning	6 068 741	5 902 500	166 241
620	Plan og næring	2 374 141	2 312 600	61 541
900	Finansielle føremål	-154 636 353	-155 147 500	511 147

Driftsrekneskapen:

Driftsrekneskapen er gjort opp med eit mindreforbruk på kr. 899.433

Rådmannen viser elles til noter i rekneskapen der det er gjort greie for dei vesentlege moment i rekneskapen for 2014.

Naustdal kommune hadde eit meirforbruk på kr 5.387.162.- frå 2013 som ikkje vart dekkja inn i 2014. Dette må dekkjast inn i 2015.

Investeringsrekneskapen er gjort opp med eit meirforbruk på kr 11,1.- I samsvar med regelverket er det kommunestyret som må fatte vedtak om inndekning av meirforbruket i 2015.

3.2 Finansforvaltning

Finansforvaltninga i Naustdal kommune har som overordna mål å sikre ei rimeleg avkastning samt stabile og lave netto finansieringskostnader for kommunen sine aktivitetar innafor definerte risikorammer.

Dette vil ein m.a. oppnå ved at:

- * Kommunen til ei kvar tid skal ha likviditet til å dekke daglege plikter.
- * Lånte midlar over tid skal gi lågast mogleg totalkostnad innafor definerte krav til refinansieringsrisiko og renterisiko.

Naustdal kommune forvaltar i dag likvide midlar og innlån.

Forvaltning av likvide midlar berekna på driftsføremål:

Kommunen sine midlar til driftsføremål (samt ledig likviditet) er plassert i bankinnskot.

Forvaltninga av kortsiktige midlar skal sikre at kommunen kan betale ved forfall.

For å kunne møte uventa svingingar i likviditetsbehovet og samstundes får tilfredsstillande avkastning har kommunen:

- * inngått rammeavtale med Sparebanken Sogn og Fjordane for å ivareta dei det daglege behov for banktenester.
- * stilt krav om minimum internasjonal kreditt-rating A – eller tilsvarende kredittvurdering.

Forvaltning av kommunen sin gjeldsportefølgje:

Kommunestyret fattar vedtak om opptak av nye lån i årsbudsjettet. Slikt vedtak skal som minimum angi:

- * Lønebeløp
- * Nedbetalingstid

Med utgangspunkt i kommunestyret sitt vedtak skal det gjennomførast låneopptak, herunder godkjenning av lånevilkår.

Fullmakter

Det ligg til rådmann å inngå avtaler i samsvar med gjeldande reglement.

Rådmannen har fullmakt «til å velje låneinstitusjon, evt. ekstern forvaltar, lånetype, avdragstid, rentevilkår og avtaler for innlån, refinansiering, samanslåing og forvaltning av lån»

Fullmaktene skal berre nyttast i samband med låneopptak til føremål som er omtala i kommunestyret sitt vedtak om årsbudsjett eller i tilsvarende vedtak i einskildsak i kommunestyret. Rådmann skal forvalte kommunen sine innlån i samsvar med gjeldande reglement og kommunelova § 50 om låneopptak.

Likviditet

Då det var eit behov for å styrke likviditeten gjennom året, vedtok kommunestyret å inngå ei kassa-kredittavtale på 20 mill. kroner for 2014.

Driftslikviditet:

Ein kassakreditt på kr 20.000.000.- er tilstrekkeleg til å fange opp svingingar gjennom året.

Forvaltning av ledig likviditet:

Ledige midlar blir forvalta gjennom ei konsernavtale med Sparebanken Sogn og Fjordane. Kommunen har ingen ledig likviditet og andre midlar berekna for driftsføremål, utover det som trengs til dekking av kommunen sine daglege plikter.

Konklusjon:

Disponeringa ligg innafor rådmannen si fullmakt og gjeldande finansreglement. Naustdal kommune forvaltar dei likvide midlane i samsvar med kommunen sitt vedteke finansreglement.

Kommunen har ei samla lånemasse på kr. 217 659 870,- (inkl. formidlingslån i Husbanken

Lån.

Samansetting av låneporteføljen:

Pr. 31.12.2013 låg det føre følgjande plasseringar:

Tekst	Rekneskap 2013	Rekneskap 2014
Kommunens samla lånegjeld	-188 629 532	-217 659 870
Fordelt på følgjande kreditorar:		
Husbanken	-21 792 035	-24 877 883
Kommunekreditt	-57 545 427	-84 895 427
Kommunalbanken	-109 292 070	-107 885 870

Risikoeksponering:

Risiko definert som produktet av sannsynleg heita for at ei hending skjer og konsekvensen av hendinga.

Det har ikkje vore renteoppgang av betyding i løpet av 2014. 1% - poeng på Pt. Renta vil utgjere kr. 2.176.600,- på årsbasis. Konsekvensen av ei eventuell auke vil i første omgang vere liten, men kan fort auke då det ikkje er lagt inn nokon reserve i budsjettet.

Avdragsutgifter er ført etter minsteavdragsprinsippet. I drifts-rekneskapen er det utgiftsført avdrag i tråd med berekna minsteavdrag. Dette er med på å styrke likviditeten gjennom året

Konklusjon:

Sannsynleg heita for renteoppgang er liten. Renta har helde seg stabil gjennom 2014. Konsekvensen vil i første omgang vere liten.

4. Sektorane – måloppnåing og kommentarar til resultat

4.1 Administrasjon

Mål:		Gjennomføring 2014
Personal • Kompetanseutvikling på administrative IKT-system og arkiv • Avklara arbeids- og ansvarsområde • Høve til deltaking i prosjektarbeid		Innføring av nytt ressursstyringssystem. Arkiv utsett til 2015 Arbeidssituasjon med vakansar og mellombels organisering har stilt krav som stor fleksibilitet. Omfattande prosjektorganisering med mange involverte.
Brukar • Døgnoopen kommune gjennom sjølvbetjeningsløyser • Aktuell informasjon skal alltid finnast på kommunen si heimeside • Servicekommune		Framhald av arbeid med innføring av sjølvbetjeningsløyser og ny heimeside (lansert i 2015).
Økonomi • Stabilisere ressursbruk på personalsida gjennom samordning • Kunne takle auka felleskostnader • Stabilisere driftsnivået		Vakansar og mellombels organisering har avgrensa høvet til samordning. Løns- og pensjonskostnader innan politisk styring og administrasjon har auka meir enn føresett i budsjettet. Krevjande driftssituasjon med press på felleskostnader.
Utvikling • Høg kompetanse • Serviceretta • Prosjektorganisasjon		Tilrettelagt for vidareutdanning, tilsette får kompetansetillegg for gjennomført vidare- og etterutdanning. Gjennomført kompetansekartlegging i skulane.

Økonomisk resultat:

Teneste 10000 – politisk styring - syner eit meirforbruk på kr. 472.927,-. Meirforbruket gjeld postane for godtgjersle, pensjon og arbeidsgjevaravgift.

Teneste 12010 – administrativ leing har eit meirforbruk på kr. 517.455,-. Meirforbruk på løn, pensjon og arbeidsgjevaravgift.

Fellesfunksjonar og servicekontor syner mindreforbruk på i alt kr. 546.000,-.

Administrasjonslokale (kommunehuset) har eit meirforbruk på kr. 227.520,-. Gjeld hovudsakleg løn med sosiale utgifter.

Teneste 23300 – anna førebyggjande helsearbeid - syner eit meirforbruk på kr. 246.846,-. (Løn/sosiale utgifter)

Samla meirforbruk kr. 886.027,-.

Generelt ser ein at meirforbruket på dette ansvarsområdet hovudsakleg skriv seg frå lønspostar med tilhøyrande kostnader. Løn og sosiale utgifter har vore budsjettert for låg og dekka m.a. ikkje lønsveksten. I noko grad er også nye stillingar utgiftsført her.

4.2 Barnehage

Barnehageeigar har regelmessige leiarmøter med barnehagane.

Dei kommunale barnehagane har stabile søkjartal

Utvikling alle barnehagane	Gjennomført 2014
Felles kompetanseheving – felles kursdagar og oppfølging (språk mv.)	Gjennomført felleskursdag med idrettsbarnehagen. Vidare satsing på kompetanseheving i høve tidleg hjelp til barn i risiko.
Vidareføre satsinga på tverrfagleg samarbeid – tidleg innsats	Regelmessig tverrfagleg team gjennomført månadleg. Tiltak i høve enkeltbarn/gruppe blei sett i verk innanfor ressurs til styrking.

Kompetanseheving	4 assistentar gjennomførte opplæring med Kari Pape i regi av KS(Lunden) 1 assistent tek fagbrev som barne og ungdomsarbeider(Vevring)
Rehabilitering av Lunden	Lunden er rehabilitert og bygt på til ein muleg 6 avdelingsbarnehage. Opna 12.1.15. Uteområdet står att. Har fått tildelt tilskot frå norsk kulturråd til å utvikle uteområdet i tråd med Naustdal si satsing på at barn skal få høve til å utvikle seg i eit miljø prega av mellom anna samtdiskunst .
Gjennomføre utviklingsarbeid for å styrke kunst, kultur og kreativitet i dei kommunale barnehagane	Lunden opplevde mykje positiv omtale og nysgjerrigheit både i media og i nærmiljøet etter kvart som det noko særprega «opp ned» bygget i Lunden barnehage tok form. Sidan Lunden var i midlertidige lokale som ikkje var eigna til så store barnegrupper som det vi hadde, var vi mest opptekne av å få den daglege drifta til å fungere. Lunden hadde ikkje verken prosjekt eller utviklingsarbeid dette året. Vevring barnehage deltek aktivt i samband med Vevring-utstillinga
Gjere om stillingar ved ny-rekruttering, auke tal pedagogar og realisere mål om	Ikkje omgjorde stillingar i 2014

gradvis overgang til to pedagogar pr. gruppe	Lunden hadde full pedagogbemanning fram til august. I perioden august – oktober mangla om lag 0,7 årsverk fram til ein av pedagogane kom attende frå permisjon..
Mål for økonomi barnehagane	Resultat 2014
Kostnadseffektiv drift	Lunden hadde eit positivt resultat på 0,1 mill. kr. Vi hadde eit underskott på andre barnehagepostar på 1,9 mill. kr. Dette gjeld tilskott til kjøp av plassar i idrettsbarnehagen, tapte refusjonar frå andre kommunar i 2013/2014 og større utgifter til spesialundervisning i barnehage.

4.3 Skule

4.3.1 Utviklingstrekk

«Barn som trivst, lærer»

4.3.2 Mål resultat i skulane

MÅL og TILTAK	Resultat
Tidleg innsats Vi ynskjer særskilt å prioritere ressursar så tidleg i utdanningsløpet som mogeleg.	Blir gjort så langt ramma strekkjer til.
Vi ynskjer å arbeide med systemretta arbeid og betre organisering av undervisninga.	Skulane arbeider kontinuerleg med systemretta arbeid der fokus også er tverrfagleg samarbeid til det beste for barnet/eleven. Tilpassa opplæring for ulike elevgrupper/nivå vert prioritert i det daglege læringsarbeidet.
Ungdomsskulesatsinga som oppfølging av prosjekt «Betre læringsmiljø»	Ungdomstrinn i utvikling er starta opp hausten 2014 med fellesførelesingar. Fokusområde er «lesing i alle fag» og klasseleiing med vekt på «vurdering». Alle skulane deltek på fellesdagane med høgskulen
Lage system for å identifisere kompetansebehov. Gjennomføre kompetansekartlegging og vurdere behovet framover.	Kompetansekartlegginga er gjennomført og vurdering av behov for framtidig kompetanse er påbyrja.

Utbygging ved NBU til framtidsretta læringsareal som er tilpassa krav til dagens variert undervisning og elevane sine behov.	Utbygginga av spesialromsbygget er komme i gang. Planlegginga for andre deler av bygget er under arbeid.
IKT investering er viktige for å tilby elevane opplæring og bruk av ikt-verkty i opplæringa	Sjølv om skulane har ein 3-årig plan for investering av IKT-utstyr, vert vi stadig utfordra på aukande behov for utstyr og kompetanse. På sikt vil ein truleg ha behov for PC'ar til alle elevane og eigne lisensar for mange elevar og fagområde.
Informasjon og kommunikasjonsstrategi for Naustdalskulen «få fram dei gode sakene»	«Dei gode sakene» får liten eller ingen merksemd i media. NBU har vore bevisst på å nytte si eiga heimeside for å vise aktiviteten på skulen.

I 2014 hadde vi større utgifter til skyss (0,35 mill. kr.) til PPT med (0,3 mil. Kr) enn budsjettet.

4.3.3 Vevring oppvekstsenter; skule, barnehage og SFO

Rammetildelinga til Vevring skule har vore knappe. Sjølv om vi utnyttar ressursane ulikt frå år til år med tanke på tidleg innsats og god tilpassa opplæring, er ikkje ramma stor nok til at vi kan redusere dei få timane vi har til spesialundervisning.

Implementeringa av plan for «Sosial kompetanse» og fokuset på relasjonskompetanse har vore nyttig for både læringsmiljøet og læringsresultata. «Psykologisk førstehjelp» er teken i bruk i skule, barnehage og i skule-heim samarbeidet. I arbeidet med klasseleiing har vi hatt fokus på «Den gode timen». I all kartlegging jobbar vi i fellesskap med å finne ut kva elevane meistar og kva vi må gjere annleis for å auke elevane si læring.

Samarbeidet skule, barnehage og SFO er godt. Med felles fokus og aktivitet blir overgangane for barna trygge og føreseielege. Barnehagen jobbar svært godt med førskuleaktivitetar som er viktig i den første lese og skriveopplæringa. SFO nyttar omgjevnadane i lokalmiljøet med mykje uteaktivitet. Trivsel i skule, barnehage og SFO er god for barn og vaksne.

4.3.1.1. Avvik – økonomi 2014

Vevring barnehage	Budsjettramma for løn til vikarar var ikkje stor nok. Styrar har redusert vikarbruken så mykje som mogeleg. Behovet for vikarar er hovudsakleg grunna møteverksemd styrar, kurs for assistentar og avvikling av feriar og avspasering. Brukarbetalinga er redusert. Barnehagen har gjort få innkjøp til leikar og pedagogisk materiale.
Vevring skule	Det vart ikkje som avtalt sett inn ca kr 50.000 for 5 t/v til spesialundervisning frå 01.08.14 i revidert budsjett.
Vevring SFO	Overskotet reduserer for overforbruket i barnehage og skule.
Drift og vedlikehald av barnehage	Stillinga til reinhaldar vart i februar auka med 2 ½ t/v.
Drift og vedlikehald av skule	Budsjett i balanse

4.3.4 Dalen Skule

Vårhalvår: Arbeidsplanar for alle lærarane vår og haust med avtalar om tidsbruk i høve prioriterte oppgåver. Felles plantid nytta til bl.a. utviklingsarbeid, implementering av «Betre læringsmiljø». Resultat av elevundersøking, nasjonale prøver og intern mobbeundersøking vart evaluert, behandla og drøfta i rådsorgana. Vi hadde ein del tverrfagleg samarbeid rundt einskildelevar som vi kom godt i mål med. Skulemiljøet var prega av trivsel og mykje godt læringsarbeid i klassane. Ulike fellesprosjekt vart gjennomførte etter oppsett plan. Aktivt FAU som arrangerte sosial kveld til glede for elevane. Felles foreldremøte om Sjumilssteget. Aktiv jobbing i kollegiet rundt satsingsområde «Vurdering for læring».

Haustralvår: Klassevandring etter strukturert opplegg i gang. Opplevast positivt både av rektor og pedagogar. Timar til deling av 1. og 2.kl vart prioritert i basisfaga (tidleg innsats). Venskapsveka markert i veke 36, fokus på digital mobbing. Høg aktivitet i klassane i høve arbeid for godt miljø og arbeid mot mobbing. Hausten var sterkt prega av arbeid med prosjekt «Sparing for vekst», og konsekvensane som vart synlege for Dalen skule: Skulestruktursak. Dette tok mykje energi og tid. Frustrasjon kom tydeleg fram i miljøet. Arbeidet med lokale læreplanar har blitt prioritert bort. Markering av Prøysenåret og adventskalender/julemarknad. Stabilt personale ved skulen, same rammer som førre skuleår mot at skulen løyste fråver utan bruk av vikar, på ein forsvarleg måte

Økonomisk resultat 2014- Dalen Skule

Rekneskapstala for 2014 viser overskot/mindreforbruk på kr. 146 800.

Undervisning i grunnskulen: 98,56 % forbruk

Drift og vedlikehald av skulelokale: 79,81 % forbruk

Totalt: 97,15 % forbruk

4.3.5 Naustdal barne- og ungdomsskule

I 2014 vart kvardagen ein balansegang mellom overordna mål og kva som er praktisk mogleg å få til grunna den nødvendige økonomiske tilpassinga.

Avsette ressursar til tilpassa opplæring og tidleg innsats på grunn av aukande utfordringar, vart i stor grad nytta til spesialundervisning. Belastninga på tilsette har vore stor, men samstundes ser vi at sjukfråværet for 2014(5,6%) er lågare enn føregåande år.

I løpet av sommaren 2014 måtte ei ny organisering av skuleleiinga etablerast. Rektor ved skulen slutta etter eitt år og ny rektor vil først ta til skuleåret 2015.

Grunna bygging av nytt spesialromsbygg, vart elevane på 1.-4. årstrinn flytta til Horstad. Personalet var med og gjorde ein innsats i å tømme den gamle spesialromsfløyen ved skuleslutt og klargjere midlertidige lokale både ved NBU og Horstad til skulestart i august.

Ved avd. Horstad er 105 elevar samla. Lokala inne er tronge, men godt utnytta. Uteområdet er oppgradert og er godt tilpassa aldersstega. Ved NBU sentrum er utearealet redusert grunna byggeaktivitet, men dei 200 elevane på 5.-10. årstrinn og tilsette opplever skulekvardagen som roleg og oversiktleg.

Satsinga «Ungdomstrinn i utvikling» er godt i gang. Alle tilsette er med på fellesførelesingane og mellomliggande arbeid, medan pedagogane får rettleiing. Satsinga vil halde fram gjennom heile 2015. Ressurslærar nyttar sin kompetanse til både tips og råd for undervisninga,

retteleing for tilsette. Både ressurslærer og leiing er med i regionale nettverk for å få best mogleg utbytte av satsinga. Leiinga nyttar også klassevandring i satsinga og for å fremje gode læringsøker for elevane.

Plan for læringsmiljøet vart arbeidd med i vårhalvåret. Elevar, tilsette og foreldre var med i dette arbeidet. I hausthalvåret er arbeidet med å implementere innhaldet i planen starta.

Heimesida «nbuskule.no» vart lansert våren 2014. Her er det lagt vekt på å vise ulike aktivitetar/lærings situasjonar for elevane, formidle nyttig informasjon/stoff for føresette gjennom «Foreldrepulsen» og følgje utbygginga ved skulen.

Hausten 2014 fekk det nye faget «Arbeidslivsfag» ei ny utforming. Store deler av opplæringa skjer no ved Mo- og Øyrane skule. Vi har planmessige dialogmøte med dei vidaregåande skulane i regionen, for å ta i vare elevane i overgangen frå ungdomstrinn til vidaregåande opplæring.

NBU har i 2014 også innleia eit tett samarbeid med Naustdal Bondelag, for å gje elevane kunnskap om ulike typar landbruk, kva utdanningsmoglegheiter det finnest innan denne næringa og for å kunne ha meiningar om framtidens landbruk i Naustdal.

Personalet har vore aktivt med i utforminga av det nye spesialromsbygget Samstundes har også utforminga av neste byggesteg vore arbeidd med gjennom hausten.

4.3.5.1 Økonomi:

Ansvar 210 kom ut med eit årsresultat med overskot på kr 618 609,42

Drift 22220:

Overskot på tenesta er kr 122 993,76

Dette skuldast både redusert bruk av vikar og stram drift.

SFO 21500:

Underskot: kr -34 428,72

Denne tenesta var budsjettert til å komme ut med eit underskot på kr 344 800,-.

Utnytting av personalressursen, felles bruk av driftsmidlar og auka brukarbetaling reduserte dette underskotet med meir enn 300 000.

Undervisning 20220:

Overskot på denne tenesta gav eit overskot på kr 530 044,38

Fleire faktorar er avgjerande, men både mindre bruk av vikar, auka refusjonar og stram drift har ført til at vi kom ut med eit overskot.

Bruk av vikarar brukt i desember 2014, er ført på 2015.

Konklusjon:

Med dei utfordringane skulen har m.o.t. meir personale, burde vi hatt betre oversikt slik at vi kunne nytta ressursane fullt ut. Vi har nok for vane å halde att dei siste månadane av året då vi erfaringsmessig veit at det kjem ein del budsjettmessige føringar på slutten av året.

4.4 Helse, omsorg og NAV

Også i 2014 har seksjonane opplevd utfordringar med å rekruttere tilstrekkeleg og kompetent personale for å fylle opp bemanningsplanane i periodar med høgt fråvere. Periodar med vakansar i leiarstillingar har medført særlege utfordringar for både oppfylgging av handlingsprogrammet, og kontinuiteten i det organisatoriske og faglege utviklingsarbeidet.

Sektoren har likevel vore i stand til å tilby gode helse og omsorgstenester til innbyggjarane, og har greidd å fylgje opp kommunale forpliktingar i samhandlingsavtalane med spesialisthelsetenesta.

For meir detaljert innsyn i data for kommunen sin produksjon av helse og omsorgstenester, kan ein vise til www.samhandlingsbarometeret.no, der ein og kan samanlikne med tidlegare driftsår, og med dei andre kommunane i Sogn og Fjordane.

Viktige tiltak • Det vert viktig å få på plass ei ny ansvars- og oppgåvefordeling etter endringar i seksjonsinndelinga, og i lys av kravet til auka samhandling på tvers av seksjonar og faggrupper.	Ny seksjonsinndeling i helse og omsorg er gjennomført. Rutinar for utvida seksjonsleiarmøte med tillitsvalde og leiarar er etablert Endring av oppgåvefordeling mellom NAV og HFF er ikkje gjennomført
• Etablering av koordinerande eining med vekt på kvalitetssikring av arbeid med individuelle planar og koordinering, og sakshandsamarrutinar.	Koordinerande eining er etablert. Koordinatoropplæring er starta – innafor helse og omsorgssektoren. Nye sakshandsamingsrutinar er under utvikling. Koordinering av tiltak for barn og unge er under utvikling
• Etablere tverrfaglege team innan ulike tiltaksområde – rehabilitering, demens, m.v. Sette av tidsressurs og definere og organisere arbeidet i tema.	Team for palliativ omsorg er etablert og fungerer. Spørsmål om tidsressurs og organisering er ikkje avklara – vert arbeidd med i tilknytning til arbeid med nye turnusar 2015. Utfordrande i høve økonomi.
• Utvikle og profesjonalisere rehabiliteringstilbodet både i institusjonen og i open omsorg, under leiing av fysioterapeut – reindyrke sokkeletasjen for rehabiliterings- og avlastningsopphald.	Tiltaket er gjennomført og vert vidareført i 2015 – Positiv erfaring med fagleg leiing frå Fysioterapiavdelinga.
• Vidareføre prosjekt «Kvardagsrehabilitering»	Plan for kvardagsrehabilitering er utarbeidd og forsøk med tenestetypen er i gang. Prosjektet vert styrt frå fysioterapitenesta. Vert sett inn ressursjukepleiar frå Open Omsorg. Prosjektet held fram i 2015
• Under vilkår om prosjektmidlar starte førebyggjande prosjekt «Helsefremjande eldre»	Kartlegging er gjennomført, og på bakgrunn av denne er det sett i gang fleire tiltak. Det er planar om å vidareføre og utvide prosjektet i 2015.
• Oppstart av prosjekt «Helsefremjande foreldre», med fokus på ernæring i 2014.	Prosjektet har i 2014 Lønne familieterapeut i delstilling til Foreldrestøttande tiltak
• Implementere habiliteringsplanen for barn	Planen vert implementert i det

og unge	koordinerende arbeidet . Samarbeid mellom leiande koordinator og oppvekstutviklar
Utvikle betre rutinar og metodar for systematisk brukarmedverknad. Regelmessig gjennomføring av ulike brukarundersøkingar	Nokre seksjonar har innført nokre ordningar for tilbakemeldingar frå brukarar, men systematiske ordning for heile kommunen er ikkje etablert. Brukarundersøkingar er ikkje gjennomført i 2014.
Sett av ressursar til betre koordinering og samhandling mellom spesialisthelsetenester, kommunehelsetenester og omsorgstenester for kronikarar og storforbrukarar av spesialisthelseteneste	Det har ikkje vore gjennomført eigne prosjekt på dette i 2014. Medfinansieringsordninga fell vekk frå 01.01.15.
Aktiverare friviljug innsats	Gjennom Frivillegssentralen er det høgt innslag av frivillig innsats innafor helse og omsorgssektoren.
Meistring gjennom samfunnsnyttige aktivitetar	Det er starta opp prosjekt for brukarar i HFF med tilrettelegging av aktivitetar.
Kommunisere om kva tilbod vi har	Utarbeidd oversikt over aktivitetstilbod – særleg for eldre. K-posten vert nytta til informasjon om tenester. Nye, oppdaterte heimesider vert lansert mars 2015.
Kompetanseheving for ufaglærte	Starta prosjekt på HFF i 2014 som vidareførast.
Økonomisk tilpassing Gjennom ny turnus ved Naustdal sjukeheim oppnå betre tilpassing til bemanningsplan, og unngå opphoping av vakter i veka – Mål om stillingsreduksjon med 1,6 årsverk. Budsjettilpassinga gjev større effektiviseringspress og krev strengar prioriteringar av arbeidsoppgåver.	Økonomisk tilpassing av drifta er gjennomført. Turnusgjennomgang vert utsett til 2015.
Vurdere samordning i bruken av nattevakter i sjukeheim, heimesjukepleie og HFF, med målsetjing om reduksjon i samla ressursbruk til nattevakter. Tiltaket er ikkje lagt inn som vilkår for budsjettgjennomføring, men vil bli konsekvensvurdert for eventuell gjennomføring ved endra ressursbehov i andre deler av tenestene.	Tiltaket er utgreidd med sikte på å oppnå innsparingar av samla bruk av nattevakter i helse og omsorgssektoren. Med bakgrunn i konsekvensvurderingane er reduksjon av nattevaktersressurs ikkje gjennomført.
Redusere personalbruken i avd. HFF som	Tiltaket er gjennomført

fylgje av endringar i brukargruppa – mål om samla reduksjon på 1,2 stilling	
• Det vert ikkje tilsett fullt ut i 0,9 stilling vakanse i fysikalsk avdeling - innsparing 0,4 stilling. Kutte er gjort med utgangspunkt i å oppnå innsparing og svekkar kommunen sin samla habilitering/rehabiliteringskapasitet. Det er sett av 0,6 stilling til rehabiliteringsoppgåver ved NAS/Heimesjukepleien	Tiltaket er gjennomført.
• Fokus på bruken av spesialisthelsetenester, særleg ved å legge vekt på å byggje opp lokale tilbod til nokre kronikargrupper, er forventa å gje verknad for samla utgifter til medfinansieringsordninga. Forventa innsparing 300.000 kr.	Ikkje gjennomført eigne prosjekt. Medfinansieringsordninga fell bort frå 1. jan 2015.
• Ulike betalingssatsar vert føreslått auka i samsvar med generell kostnadsvekst. (Satsane var i hovudsak ikkje auka frå 2012 til 13)	Justering av betalingssarsar er gjennomført i samband med budsejttvedtak.
• Utgifter til kjøp av liggedøgn for ferdigbehandla pasientar på sjukehus syner seg å verte lågare enn forventa, noko som gjev grunnlag for å redusere denne utgiftsposten noko.	Kommunen har framleis eit svært lågt omfang av kjøp av plassar i spesialisthelsetenesta
• Større fokus på arbeidsmiljø og HMT for å hindre sjukemelding og fråvær	Samarbeid med bedriftshelseteneste og Arbeidslivssenteret NAV om førebyggjande tiltak. Meir involvering av verneombod i omstillingsprosessar. Målsetjing om større bruk av tilretteleggingstilskot som førebyggjande tiltak.

4.4.1.1 *Kommentarar til rekneskapen og avvik på ansvarsområda:*

Ansvar 320, Helse

Seksjon Helse (Ansvar 320) har i 2014 eit budsjettmessig overforbruk på ca 300.000 kr. Hovedårsak til overforbruket er medfinansieringsordninga i samhandlingsreformen, som åleine syner eit overforbruk på 650.000 kr. Ordninga med kommunal medfinansiering av spesialisthelsetenestene er fjerna frå 2016.

Seksjonen har elles eit positivt resultat på samla netto lønskostnader inkl. lønsrefusjonar, på ca 175.000 kr, medan driftskostnader utanom løn syner eit overforbruk på ca 325.000 kr.

Rekneskapen tyder på at mange av driftspostane har for låge budsjett. Overforbruket er størst på postane for medisinsk forbruksmateriell og lisensar og avgifter.

Rekneskapen syner vidare overforbruk på kjøp av tenester (legevakt, jordmorteneste, AMK...), og på fastlegeavtalane.

Overforbruk vert balansert gjennom meirinntekt frå sal av tenester/brukarbetaling og diverse refusjonar frå stat, fylkeskommune og kommunar, slik at seksjon Helse ville samla sett komme ut med positivt resultat om ein ser bort frå medfinansieringsordninga.

Ansvar 350 NAV

Rekneskapen for 2014, syner at tenesta samla sett har eit overforbruk på nesten kr 94000,- Ein vesentleg årsak til underskotet er ekstra kostnader knytt til barnevernteneste, tilskot (sosial stønad), brukarstyrt tenester, kjøp av avlastningstilbod til krevjande brukarar.

Utgiftsnivået knytt til desse tenestene er vanskeleg å forutsjå og talfeste i kommande budsjett. 2014 har vert eit krevjande år for barneverntenesta. Det har vore naudsynt å foreta kjøp av tenester frå private leverandørar for å kunne handtere delar av utfordringane.

Fleire innbyggjarar enn tidlegare år har motteke økonomisk sosialhjelp av kommunen. I 2014 har det vert fleire brukarar enn tidlegare år som har økonomisk stønad frå NAV som einaste inntektskjelde.

Ansvar 370 Naustdal sjukeheim

Seksjon Naustdal sjukeheim (Ansvar 370) har i 2014 eit budsjettmessig underforbruk på ca 385.000 kr. Det positive resultatet skriv seg i det vesentlege frå underforbruk på lønspostane, som netto (inkl. lønsrefusjonar) syner eit samla underforbruk på ca 835.000 kr.

På den andre sida har seksjonen overforbruk på driftspostar utanom løn, tilsaman ca 175.000 kr. Overforbruket er særleg knytt til materiellpostane (medikament, medisinsk forbruksmateriell, matvarer og reinhaldsmateriell).

Rekneskapen syner og ein betydeleg underdekning på inntekter frå brukarbetaling, husleige og sal av varer og tenester, tilsaman ca 518.000 kr, medan det er overdekning på inntekter frå statlege og fylkeskommunale tilskot med ca 190.000 kr. (Prosjektmidlar og lærlingtilskot)

Ansvar 371 Open Omsorg

Seksjon Open Omsorg – Heimesjukepleie og Heimehjelpstenester – har i 2014 eit budsjettmessig underforbruk på ca 830.000 kr. Det positive resultatet kjem på tross av eit stort overforbruk på lønspostane, tilsaman ca 1,47 mill kr (netto lønskostnader inkl refusjonar), og har samanheng med inntektsføring av ein del av tilskot til toppfinansiering av særleg kostnadskrevjande omsorgstenester, kr 2,66 mill kr, som ikkje har vore budsjettetert på ansvar 371. Postane for driftskostnader utanom løn syner og eit overforbruk på ca 175.000 kr.

Overforbruket er særleg knytt til materiellpostane og transportkostnader.

Inntektspostane for brukarbetaling og sal av varer og tenester, syner ei underdekning på ca 83.000 kr.

Ansvar 372 Heimeteneste/funksjonshemma

Samla hadde seksjonen et underforbruk på 2 800 000kr. Fastlønna i fjor hadde et overforbruk på 499 000 kr. Lønn til vikarar sprak med 535 000kr og overtida med 141 997 kr Det kan skyldas ein blanding av feilbudsjettering, ramma er noe lav i forhold til aktivitet, og noe høgt sjukefråvær som og har generert overtid. Pensjonen var feilbudsjettert med ca 600 000 kr.

4.5 Kultur

Handlingsprogram 2014	Gjennomføring 2014
Naustdal kulturskule: byggje opp eit kulturskuletilbod av god kvalitet til ein rimeleg pris til alle barn som ynskjer det i samarbeid med lokal	Inngått avtale om vertskommunesamarbeid, med Førde kommune vert vertskommune og Naustdal kommune samarbeidskommune. K-sak

kompetanse og andre kulturskular i området. <i>Handling: vidareføre samarbeid med Førde kulturskule og innføre kulturskuletimen</i>	49/14, 30. oktober 2014. • Tilskot til kulturskuletimen vart avvikla frå skuleåret 2014/2015, ikkje innført.
• Naustdal folkebibliotek: utvikle biblioteket til ein tydeleg lokal kulturarena med fokus på fleirbruksfunksjonar. <i>Handling: Nye/endra lokale i høve nybygg NBU/friskhus, samt starte aktivitetstilbod.</i>	• I 2014 er det lånt ut 19538 medier; bøker, lydbøker, tidsskrift og film. • Naustdal bibliotek flyttar i nybygg over i lokale som per i dag er elevkantine, og får ei meir sentral plassering. Biblioteket får også eit påbygg til eventyrrom og møterom/lokalsamling. • Inngått avtale om biblioteksamarbeid med Jølster kommune, Førde kommune og Gaular kommune. K-sak 53/14, 11. desember 2014. • Det er starta handarbeidskafe i biblioteket i samarbeid med frivillige.
• Rampen ungdomsklubb: auke rammene for tilbodet og gjere tiltak for å sikre eit trygt oppvekstmiljø i Naustdal. <i>Handling: Auke stilling miljøarbeidar med 12% og legge til rette for auka bruk av og aktivitet i lokala (på dagtid og i skulefri-periodar)</i>	• Rampen ungdomsklubb held ope kvar dag, måndag- torsdag kl. 17.00 - 21.00, fredag kl. 18.30 - 23.30.
• Undring endrar, kreativitet i utviklingsarbeidet <i>Handling: Sjå den breitt definerte kulturen i samanheng med krav og mogelegheiter i Plan- og bygningslova, og prøve ut metodar for undring/nye perspektiv i prosessane.</i>	• Ambassade for Kjartanistan, mottatt totalt 1,5 mill. frå Norsk kulturråd, skal utvikle uteområda i Lunden bhg. og NBU til kunstarena. • Delteke på kursopplegg med fylkeskommunen og Norsk kulturforum, <i>Kultur i samfunnsutvikling (cultural planning)</i>. • Skissert heilskapleg prosjekt <i>Naustdal fortel</i>, ikkje mottatt tilskot.
• Det skal vere enkelt å vere eldsjel i Naustdal. <i>Handling: Vurdere fast årleg tilskot til tiltak, organisasjonar og arrangement som over tid har bygd opp og halde ved like det rike kulturlivet i kommunen saman med fleire mindre lag og organisasjonar.</i>	• Ikkje gjennomført.

4.6 Plan, næring og teknisk

4.6.1 Status og utviklingstrekk

- 2 kommunedelplanar er rullerte, og det er varsla oppstart på 1 kommunedelplan og 1 temaplan
- 1 reguleringsplan er varsla oppstart, 4 reguleringsplanar har vore på høyring, 2 planar og 1 mindre reguleringsendring er vedtekne og 1 plan er påklaga til fylkesmannen i 2014 og fleire private reguleringsplanar er varsla/under arbeid tidlegare
- Relativt høg byggeaktivitet, 2 blokker er nesten fylt med nye bebuarar, det er bygging i bustadfelt i Mallasvika og på Sæla og noko spreidd bustadbygging i alle grendene.
- Interkommunal plangruppe følgjer opp med prosjektet «Bu i Sunnfjord» for å styrke marknadsføring av regionen som eit felles bu- og arbeidsområde
- Kommunen deltok i interkommunalt planarbeid for overordna ROS-analyse som vart vedteken av kommunestyret i juni.
- Kommunen deltok i Vestlandsforsk sitt program AREALKLIMA med eksempel Sæla som vart avslutta i desember 2014.
- Tilsette på området er involvert i mange samarbeidsprosjekt på regionalt-/fylkesnivå og interkommunale ordningar: byggesakstilsyn, Komtek, Geovekst, VA-kompetanse, plangruppe, vassområdeforvaltning, landskapsområdeforvaltning m.m.
- Klimatilpassing gjev utfordring for veg, vatn og avløp. Det er etablert eit høgare skade- og driftsnivå siste åra, med storskade i juli. Stabil drift på seksjon teknisk drift og forvaltning
- Forskrift og krav til VA-anlegg vart utarbeidd med i lag med Driftsassistansen i Sogn og Fjordane.
- VA-anlegg i Mallasvika er ferdigutbygd opp til 2, sving slik at nye/planlagde byggefelt kan forsynast/tilknyttast opp til dette nivået.
- Ein bustadeigedom er rassikra og arbeidet godkjent og slutført.
- I nordlege delar av byggefeltet på austsida i sentrum er vegnamnsskilt og visningsskilt skifta ut.
- Energikartleggingar er gjennomført, og ENØK-tiltak planleggast, og mindre tiltak knytt til byggvedlikehald er gjennomført
- Står noko att på å fullføre etablering av planregister og planar i kartportalen, med ei utfordring i gamle planar som ikkje er digitale.
- Naustdal har 66 % matrikkeladresser (33 % gateadresser) pr dato og målet er at alle skal ha gateadresser innan 2016. Forskrift er vedteke og vegstrekingane er fastsett.
